



Sunnfjord
kommune



KUNNSKAPSGRUNNLAG

Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen



Innhold

Samandrag.....	3
«Kva handlar det om?»	3
1.2 Formål	6
1.3 Metode	7
Hovuddel	9
2.1 Planar og politiske vedtak.....	9
2.2 Samfunnsutvikling	15
2.3 Sunnfjordskulen.....	24
2.4 Økonomi.....	42
2.5 Kvalitet	53
2.6 Bemanning og rekruttering	70
2.7 Skulen i nærmiljøet.....	73
Analyse og tilrådingar	76
3.1 Samla vurdering	76
3.2 Tiltak for kostnadsreduksjon	76
3.3 Neste steg	77
Avslutning.....	79
4.1 Vedlegg.....	79

Samandrag

«Kva handlar det om?»

Formannskapet vedtok i sak 198/23 å utarbeide kunnskapsgrunnlaget Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen der formålet er å teikne eit bilete av Sunnfjordskulen med omsyn til dimensjonane økonomi og kvalitet. Kvalitetsomgrepet omfattar i denne konteksten pedagogisk tilbod, organisering og skulen si rolle i lokalsamfunnet. Kunnskapsgrunnlaget skal innehalde informasjon om NO-situasjonen samt framskrive framtidig situasjon i Sunnfjordskulen basert på relevante data. Det skal bidra med oppdatert og utfyllande informasjon til gjeldande skulebruksplan, slik at ein samla får eit grunnlag for å vurdere behovet for innsparingar og omstilling av skulen i åra som kjem.

Arbeidsmetode

Kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd gjennom ein prosess med brei medverknad, inkludert besøk på kvar enkelt skule, møte med tilsette og FAU og innspel frå ulike interessentar, m.a. ungdomsrådet.

Kunnskapsgrunnlaget legg til grunn tenesteanalysen som nyleg er utført for Sunnfjord kommune, både som heilskap og for den enkelte sektor. I tillegg er det innhenta offentleg statistikk om nøkkeltal og demografi om Sunnfjord kommune, kommunar i same KOSTRA-gruppe samt kommunane Voss, Kinn, Sogndal og Steinkjer. Prosjektgruppa som har vore tverrfagleg samansett, har hatt jamlege drøftingar undervegs i prosjektet knytt til innhaldet som vert presentert i dette kunnskapsgrunnlaget.


Kommune- og arealplanar med føringar for framtidig omstilling

I samband med kommunesamanslåinga vedtok dei fire kommunane ein intensjonsavtale og ei tilleggsavtale. Eitt av hovudmåla med samanslåinga er å sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane. Den nye kommunen skal ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar. Større førstelinjetenester som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod skal vere der dei var på samanslåingstidspunktet. Kommunale planar legg føringar for arbeidet og er overordna omtalt i kunnskapsgrunnlaget.

Sunnfjordskulen – i dag og framover

Sunnfjord kommune har i mange år hatt ein høg del barn og unge, og dermed eit høgare behov for barnehagar og skular enn det som er vanleg elles i landet. Vi ser no at dette bildet endrar seg. Enkelt forklart viser den demografiske utviklinga for Sunnfjord kommune at tal barn og unge går ned, samtidig som tal eldre går kraftig opp. Det gjer at vi må bruke ressursane på ein annan måte i åra framover, enn vi gjer i dag.

I 2017 var elevtalet oppe i 3112 elevar. Dagens elevtal er 2897. Basert på talet folkeregistrerte barn i kommunen er elevtalet 2579 i skuleåret 28/29. SSB si framskrivning på middels nivå syner forventa nedgang i elevtalet på 450 elevar fram mot 2039, som er året med lågast estimert elevtal. Dette er ein reduksjon på 15,5% i forhold til dagens nivå.




Graf 1 - Elevtalsutvikling i Sunnfjord kommune (SSB 2022)

Totalt 69% av kapasiteten ved skulane vert utnytta for skuleåret 23/24. Ved nedlegging av Vevring skule og flytting av Førde barneskule og Førde ungdomsskule vil kapasitetsutnyttinga vere 58% for skuleåret 33/34 og 56% i skuleåret 43/44.

Det som skil Sunnfjord kommune frå samanlikningskommunane er høgt tal ungdomsskular (7 versus 3 eller 4) samt gruppestorleik på 8.-10. trinn. Her klarar vi ikkje å ta ut effekten av at vi får færre elevar i ungdomsskulen. Sjølv om elevtalet går ned, vert årstimetalet stabilt, noko som heng saman med fagtilbodet og undervisningsplikta på ungdomssteg. Med omsyn til kvalitetsomgrepet kan likevel mindre gruppestorleikar vere positivt, noko som er stadfesta frå både tilsette og foreldregrupper. Sunnfjord kommune har mange elevar per årsverk til administrative og pedagogiske leiaroppgåver, som indikerer lite innsparingspotensial innan administrasjon og leing.

Når det gjeld bygg- og eigedomsforvaltning, vert det peika på behov for modernisering og omstrukturering av fasilitetar ved fleire av skulane. Eining for bygg og eigedomsforvaltning har identifisert nokre bygg med behov for kritiske tiltak. Dette er Førde barneskule, Slåtten og



Viksdalen. Flytting av Førde ungdomsskule til gamle Hafstad vidaregåande skule, og flytting av Førde barneskule til Førde ungdomsskule, vil òg innebere behov for ombygging og modernisering.

Det er utarbeidd "skuleportrett" for kvar av dei 14 skulane i Sunnfjord med nøkkelinformasjon som f.eks. kapasitet, kapasitetsutnytting og elevtal (NO-situasjon og framskriving). Innhaldet i portretta er i etterkant kvalitetssikra av rektorane.

Økonomisk situasjon

Dei finansielle nøkkeltala og tenesteanalysen syner at Sunnfjord kommune er i ein utsett og sårbar økonomisk situasjon. Kommunen har moderat til lite økonomisk handlingsrom. Det er forventet ein betydeleg auke i talet på eldre, og nedgang i talet på elevar framover.

Framskrivinga av reduserte inntekter som følgje av nedgang i elevtal, og auka kostnader som følgje av auke i talet på eldre, gir eit tydeleg bilde på kva omstillingsbehov Sunnfjord kommune har.


I tenesteanalyse for kommunen samla er det planlagt ei samla innsparing på 121 mill. kroner og ei omstilling på 84 mill. kroner i perioden 2024 til 2032. Samla for både innsparing og omstilling er det difor anslått til rundt 205 mill. kroner. Denne omstillinga og innsparinga vil òg ha store konsekvensar for Sunnfjordskulen. Samla er det lagt til grunn at Grunnskule skal dekke 70,3 mill. kroner av den totale endringa. Allereie innan 2028 er det lagt til grunn ein reduksjon innan Sunnfjordskulen på 52 mill. kroner, om lag 60 lærarstillingar. Ei slik endring let seg truleg ikkje gjennomføre utan strukturelle grep.

Tenesteanalysen viser at Sunnfjord kommune allereie i dag har ein kostnadskrevjande struktur samanlikna med andre kommunar. Analysen syner at Sunnfjord kommune driv effektivt, for eksempel innanfor spesialundervisning eller undervisning generelt. Utfordringa er at tal elevar i skulen vil falle betydeleg i åra som no kjem og då blir strukturen enda dyrare.

Pedagogisk tilbod, rekruttering og organisatoriske forhold

Kvalitet har vore ei viktig problemstilling i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget. Sunnfjord kommune leverer god kvalitet på tenestene sine, noko vi òg kan sjå i lys av dei nasjonale gjennomsnitta på for eksempel nasjonale prøver, grunnskulepoeng, gjennomføringsgrad i den vidaregåande skulen og skulebidragsindikatorane. Bemanninga har for det meste god og rett kompetanse. Negativ utvikling i søkjartal på lærarutdanningane og utfordringar knytt til rekruttering gjer det nødvendig med eit sterkt fokus på at Sunnfjordskulen skal vere attraktiv som arbeidsplass i framtida både med omsyn til trivsel og fagmiljø. Ei stor utfordring er å oppretthalde kvaliteten i Sunnfjordskulen samtidig som sektoren vert omstilt til eit redusert elevtal.

Det totale innsparings- og omstillingsbehovet er illustrert i figuren under:



Graf 2 - Samla omstilling og innsparingsbehov for grunnskule (eigne tal)

Tiltaka i Plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune er ikkje tilstrekkelege for å møte dette behovet for innsparing og omstilling. Kostnadsreduksjonar som følgje av reduserte elevtal, vil ikkje vere tilstrekkeleg innsparing åleine. Det er vanskeleg å sjå vekk i frå at Sunnfjord kommune må gjere strukturelle endringar i skuletilbodet for å møte den nedgåande elevtrenden og dei økonomiske utfordringane. Dette kan inkluderer vurdering av nedlegging av skular med låg elevtettleik, endring av kringsgrenser og omdisponering av ressursar til å styrke kvaliteten på undervisninga. Det vil innebære vanskelege, men nødvendige, avgjerder for framtida til Sunnfjordskulen.

1.2 Formål

Formålet med kunnskapsgrunnlaget er å teikne eit bilete av Sunnfjordskulen i fleire dimensjonar. I tillegg til å presentere tal og kvalitetsindikatorar, har vi sikra brei medverknad i utforminga av kunnskapsgrunnlaget. På den måten får vi eit nyansert bilete av Sunnfjordskulen, som vil vere eit godt reiskap for avgjerder som må takast i tida som kjem.

Ei viktig problemstilling i arbeidet med dette kunnskapsgrunnlaget er å sjå på korleis ein kan halde kvaliteten i Sunnfjordskulen ved like, samtidig som vi omstiller sektoren til eit redusert elevtal.

1.3 Metode

1.3.1 Prosess med utarbeiding av kunnskapsgrunnlag

Etter at det vart fatta vedtak om Hafstad vidaregåande skule som ny ungdomsskule vart det oppretta eit prosjekt for å svare ut den delen av vedtaket som bad om ei sak om skulestrukturen.

Prosjektet fekk følgjande målformuleringar:

Effekt mål:

1	Plan som sikrar god kvalitet og eit likeverdig skuletilbod til elevane i Sunnfjordskulen
2	Plan som legg til rette for økonomisk berekraftig organisering av skulane i kommunen, tilpassa den demografiske utviklinga.

Resultat mål:

1	Gjere greie for nasjonale føringar og utviklingstrekk
2	Gjere greie for den demografiske utviklinga i kommunen, og korleis det påverkar elevtala i dei ulike skulekrinsane
3	Legge fram forslag til nye alternativ for skulestruktur(krinsgrenser og lokasjon)
4	Greie ut kva betydning skulestruktur har på rekruttering av lærarar.
5	Greie ut pedagogiske konsekvensar for alternativa (kvalitet)
6	Greie ut økonomiske konsekvensar for alternativa (struktur)
7	Gjere greie for korleis endring i skulestrukturen kan påverke tenestetilbod frå til dømes helsestasjon, PPT, Psykisk helseteneste – barn og unge, og andre støtteinstansar.
8	Vurdere ny skulestruktur opp i mot målet om gode kvardagsliv og livskraftige samfunn i heile Sunnfjord kommune.

Prosjektgruppa hadde følgjande samansetting:

Namn	Eining	Kompetanse	Rolle i gruppa
Per Inge Seime	Holsen skule og barnehage	Einingsleiar skule og barnehage	
Endre Fure Bortne	Fagutvikling	Økonomi, demografi	
Gro Bjørvik	Fagutvikling	Økonomi	
Janne Wilhelmsen	Personal	Arbeidsrett, tilsetting og rekruttering.	
Ole John Østenstad	Fagutvikling	Forvaltning	
Stian Jakobsen	Utdanningsforbundet	Skulefagleg, arbeidsrettsleg (avtalar)	Representerer organisasjonane
Andreas Fonn Macsik	Fagutvikling	Skulefagleg	Leiar
Ingvill Flo	PwC		Konsulent
Geir Årset	PwC		Konsulent

Då Formannskapet vart orientert om prosjektet som var etablert vart det fatta eit vedtak om at ikkje skulle lage ei sak om struktur slik kommunestyret hadde vedteke, men eit kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget skulle saman med eksisterande skulebruksplan, gi eit grunnlag for vurderingar av tiltak. Prosjektet fekk då ei litt anna innretning, men jobba likevel vidare med dei same målsettingane, men utan å vurdere og greie ut konsekvensar av potensielle strukturgrep.

1.3.2 Involvering

I arbeidet med dette kunnskapsgrunnlaget har vi prioritert ei brei, strukturert og omfattande involvering. Prosjektgruppa har hatt ei rekke aktivitetar i arbeidet sitt (Vedlegg 1). Representantar frå prosjektgruppa har vore fysisk ute på kvar enkelt skule og lagt fram problemstillinga vi står i, og har svara ut eventuelle spørsmål. Det har vore arrangert møte for både dei tilsette og for FAU. Vidare har tilsette og FAU fått komme med innspel til prosjektgruppa, for å sikre at vi hadde god nok kunnskap om skulen når vi skreiv dette kunnskapsgrunnlaget.

Prosessen har vore open og transparent, og på prosjektet si eiga nettside kan alle interessentar lese om arbeidet, innspela som har komme inn, og om vidare framdrift i prosjektet.

Vi opna og for innspel frå interessentar utanfor skulen. Dette er det både privatpersonar og organisasjonar som har nytta seg av.

Vi gjennomførte ei økt med ungdomsrådet 29.01.24, der vi orienterte om problemstillinga vi jobba med, og utfordra rådet på korleis vi bør forstå kvalitetsomgrepet i denne saka. Vi fekk gode og verdifulle innspel. I arbeidet med å utvikle framtidige løysingar, vil det vere viktig å sikre god representasjon frå ei større breidde av elevane i skulen.

«Lik informasjon,
på same tid, til
alle partar»

- ei målsetting i
prosjektet.

Vi har òg vore inne i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne den 06.02.24 og orientert om prosjektet. Rådet vart oppmoda om å komme med innspel til prosjektet. I etterkant av møte fekk vi eit innspel frå Løvemammaene i Vest.

Vidare har rektorkollegiet vore nytta i arbeidet med å sikre validiteten i kunnskapsgrunnlaget. Rektorane har drøfta problemstillingar saman, og det er òg gjennomført møte med kvar enkelt rektor for å sikre ei felles forståing for arbeidet med kunnskapsgrunnlaget, og omstillingsbehovet som melder seg.

Den breie samansettinga av prosjektgruppa har òg bidratt til involvering i prosjektet.



Figur 1 - Prosjektet si nettside

Hovuddel

2.1 Planar og politiske vedtak

2.1.1 Referanse til relevante kommune- og arealplanar

Kommunesamanslåinga


Frå 1.1.2020 vart kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal slått saman til Sunnfjord kommune. I samband med samanslåinga vedtok dei fire kommunane ein intensjonsavtale og ein tilleggsavtale. [Intensjonsavtalen](#) er på eit overordna nivå og har få konkrete tiltak eller mål, men slår m.a. fast at eitt av hovudmåla med samanslåinga er å sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane. Delmåla er m.a. å:

- Skipe ein livskraftig og attraktiv kommune som sikrar god folketalsvekst
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø

Intensjonsavtalen peikar på at den nye kommunen skal ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar. Større førstelinetenester som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod skal vere der dei var på samanslåingstidspunktet.

Kommunen skal vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass og skal rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon.

I samband med kommunesamanslåinga vart det også utarbeidd visjon og verdjar for den nye kommunen (Figur 2).



Figur 2 - Visjon og verdjar for Sunnfjord kommune

Planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel

Den nye kommunen tok raskt til med å utarbeide ein planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel.

25.03.2021 vedtok kommunestyret planstrategien der det vart bestemt at m.a. følgjande planar skulle utarbeidast:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Kommuneplanen sin arealdel
- Plan for bruk av skulane i Sunnfjord kommune
- Plan for bruk av barnehagane i Sunnfjord kommune

Ny planstrategi for denne kommunestyreperioden skal vedtakast innan oktober 2024.

Samfunnsdelen har mange føringar for planarbeidet i Sunnfjord kommune og vart vedteken 17.02.2022. Planen bygger på intensjonsavtalen, kommunen sin visjon og verdiar og FN sine berekraftsmål. Hovudmålet formulert i samfunnsdelen er:

Sunnfjord kommune skal sikre folketalsvekst og berekraftig utvikling i heile kommunen gjennom å vere grøn, mangfaldig og attraktiv.

Planen har to delmål med tilhøyrande strategiar:

Delmål 1: Gode kvardagsliv

Strategi:

- Vi jobbar for berekraftig tettstad- og byutvikling
- Vi skal vere ein inkluderande kommune med gode bumiljø, trygge og aktive innbyggjarar
- Vi skal ha eit klimatilpassa samfunn, god beredskap og ansvarleg økonomi
- Vi jobbar i lag for å skape og utvikle kommunen vår; saman blir vi drivande gode!

Delmål 2: Regionmotor på Vestlandet

Strategi:

Vi styrkar Førde som regionby

Vi utviklar kommunen og Førde som utdanningsby

Vi skal satse på grøn næringsutvikling, innovasjon, entreprenørskap og berekraftig bruk av naturressursar

Vi skal vere eit kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet

Kommuneplanen sin arealdel

Sunnfjord kommune er i ferd med å utarbeide den første arealdelen for Sunnfjord kommune. Planen vil erstatte arealdelen til dei fire gamle kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal. Planen vil også erstatte ein del kommunedelplanar.

Kommuneplanen sin arealdel består av plankart, føresegner, retningslinjer, og planomtale med konsekvensutgreiing og temakart. Plankartet med omsynssoner og føresegner er juridisk bindande for arealbruken i kommunen.

Kommuneplanen sin arealdel gjev rammer og føringar for nye tiltak og framtidig arealbruk i heile kommunen. Den viser også kva overordna omsyn som må bli vurdert ved disponering av areala. Kommuneplanen sin arealdel avgjer korleis vi vil bruke og utvikle dei ulike områda i kommunen.

Planforslaget viser at folketalsveksten blir størst i Førde, Vassenden og Sande, og legg opp til å styrke utvalde kommune-, lokal- og nærsenter for eit større omland:



Andre kommunale planar

Sunnfjord kommune har utarbeidd fleire planar som har relevans for kunnskapsgrunnlaget i Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen. Dei viktigaste i denne samanhengen er:

- Plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune
- Plan for framtidig bruk av barnehagane i Sunnfjord kommune
- Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Plan for kultur, frivilligheit og inkludering (under arbeid)
- Kulturmiljøplan
- Strategisk næringsplan (under arbeid)
- Temaplan for trafikktryggleik
- Bustadsosial handlingsplan
- Plan for omsorg – Leve heile livet i Sunnfjord 65+
- Økonomi- og handlingsplan blir rullert kvart år, og gjev viktige føringar for prioriteringar i drifts- og investeringsbudsjettet dei neste fire åra.

2.1.2 Oversikt politiske vedtak

20/23479 Plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune

Kommunestyret godkjente 18.06.2020 framlegg til planprogram for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune.

26.11.2020 vart planen lagt ut på høyring etter vedtak i formannskapet.

Vedtak om plan for framtidig bruk av skulane i kommunestyret 28.01.2021.

KST-002/21 Vedtak:

«Skulen i Sunnfjord kommune skal vere ein fagleg sterk skule med høg kvalitet, eit likeverdig fagleg tilbod, eit godt læringsmiljø og berekraftig økonomi. Med bakgrunn i dei utgreiingane som er gjort i plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune, blir det gjennomført følgjande endringar i skulestrukturen i fase 1 og fase 2.

Det er viktig å ivareta grendehusfunksjonen i bygder der skulen vert nedlagt. Kommunen må difor sikre ein god dialog og avtale med dei aktuelle grendelaga så dei gamle skulehusa kan fungere som forsamlingshus og møteplass i bygda.

Skuleskyssen for elevane frå Karstad, Frøysland og Vevring må optimaliserast særleg med tanke på dei yngste elevane.

Fase 1

- a) Karstad skule blir lagt ned frå 1.august 2021 og elevane overført til Flatene skule 1-5 og Halbrend 6-10.
- b) Frøysland skule blir lagt ned frå 1.august 2022 og elevane blir overført til Holsen skule.
- c) Vevring skule blir lagt ned frå 1.august 2024 og elevane overført til Naustdal skule med mindre mineralprosjekt i Vevring vert starta opp eller elevtalet gjev grunnlag for vidare drift av skulen. Kommunestyret skal då gjere nytt vedtak. Det skal vidare avklarast om Kinn kommune ynskjer å sende elevar til skulen i Vevring.
- d) Kringsgrensene på Bruland vert endra slik at elevar busett frå bommen ved Brulandsberget og austover vert tilhøyrande Sunde skule. Kringsgrensene vert endra med verknad frå 01.08 2021. Kommunedirektøren kjem tilbake til kommunestyret med konkrete framlegg til overgangsordningar.

Fase 2

- a) Utgreie flytting av ungdomsskulesteget ved Viksdalen skule til Sande eller Førde i 2025.
- b) Utgreie flytting av elevane på Førde ungdomsskule til Hafstad vidaregåande skule frå hausten 2025 og endring av kringsgrensene slik at ungdomsskuleelevar frå Haukedalen, Holsen og Sunde blir flytta til ny ungdomsskule på Hafstad. I utgreiinga er det viktig å sikre god involvering frå partane, og vurdere alternative bruksformer for Hafstad vidaregåande skule.
- c) Utgreie flytting av elevane frå Førde barneskule til Førde ungdomsskule frå hausten 2025.

Med bakgrunn i vedtaket og eksisterande kringsgrenser blir det utarbeidd ei forskrift om kringsgrenser for Sunnfjord kommune. Forskrifta skal leggast ut til offentlig høyring og handsamast av kommunestyret i april 2021.»

23/45 Hafstad vidaregåande skule som ny ungdomsskule og Førde ungdomsskule som ny barneskule

Vedtak i Kommunestyret 31.03.2023:

«1. Hafstad vidaregåande skule blir ny ungdomsskule for elevane på 8.-10.trinn som høyrer til krinsen til Førde ungdomsskule. Det må sikrast tilstrekkeleg uteareal av god kvalitet rundt skulen og takast høgde for eventuell utviding.

2. Førde ungdomsskule blir ny barneskule for elevane på 1.-7. trinn som høyrer til krinsen til Førde barneskule.

3. Det må leggast fram planar for uteområda for nye Førde barneskule og nye Førde ungdomsskule som stettar dagens krav for dei ulike trinna, innan utgangen av 2023.

4. Flyttinga må ikkje forringe kvaliteten ved skulane. Det er viktig med involvering i prosessen som gjeld ombygginga, både frå tilsette, elevar og FAU. Skulane skal vere gode arena for læring og sosialt samspel, Det må prioriterast spesialrom til praktisk estetiske fag.

5. Det er viktig å legge til rette med gode og praktiske løysingar for barn med funksjonsvariasjon.

6. Finansiering av naudsynt ombygging av Hafstad vidaregåande skule og Førde ungdomsskule blir ein del av arbeidet med økonomiplanen for perioden 2024-2028.

7. Kommunedirektøren vert beden om å arbeide vidare med ei sak om skulestrukturen og legge den fram innan utgangen av 2023.

8. Kommunedirektøren vert beden om å legge fram ei sak om bruk og ombygging av bygningsmassen til Førde Barneskule parallelt med utgreiing av skulestruktur og ombygging av Hafstad til ungdomsskule og dagens FUSK til barneskule.»

198/23 Framdrift - Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen

Vedtak i Formannskapet 16.11.2023:

«1. Administrasjonen held fram med analysearbeidet som presentert. Faktagrunnlaget må utarbeidast på ein slik måte at det er lett å oppdatere med nye talgrunnlag.

2. Vidare prosess vert å ta stilling til når faktagrunnlaget ligg føre.»

043/24: Tomt til etableringa av nye institusjonsplassar i Førde

Under handsaming av saka der ein vurderer ulike lokasjonar for nytt omsorgssenter i Førde vart det gjort vedtak med følgjande formulering:

«Administrasjonen må forsere arbeidet med flytting av FBS og FUSK slik at dette ikkje er til hinder for val av lokasjon, men i staden vert med i eit samla kunnskapsgrunnlag. Kommunestyret meiner det må settast av eigne prosjektleiarressursar til prosjekta nytt omsorgssenter og flytting av FBS og FUSK.»

2.1.3 Her er vi i dag

Plan for framtidig bruk av skulane som var vedteke av kommunestyret 28.01.2021 har sitt utspring i same problemstilling som dette kunnskapsgrunnlaget; reduserte elevtal og følgjande omstillingsbehov. Vi ser at planen sine tiltak ikkje er nok til å møte behov for innsparing og omstilling. Heller ikkje ved hjelp av redusert elevtal vil vi kunne ha ein økonomisk berekraftig skulesektor slik som utviklinga er, om ein ikkje gjer ytterlegare grep.

I skulebruksplanen frå 2021 vart det skissert ei rekke tiltak i to fasar.

I første fase har ein gjennomført nedlegging av Karstad og Frøysland skule. Det er eitt tiltak som står att, som er å legge ned Vevring skule hausten 2024, med mindre mineralprosjektet i Vevring vart starta opp eller elevtalet gjev grunnlag for vidare drift av skulen. Det skulle også avklarast om Kinn kommune ynskjer å sende elevar til skulen i Vevring.

Vi har vore i dialog med Kinn kommune, og det er per dags dato ikkje aktuelt for Kinn å overføre elevar til Vevring. Vi har også sendt ein førespurnad til Nordic Mining, der vi har bedt om ei utgreiing om kva som er realistisk å forvente med tanke på tilflytting i skulekrinsen. Vi har per 09.04.2024 ikkje motteke svar på førespurnaden.

Administrasjonen vil legge fram forslag om nedlegging av Vevring skule.

I fase 2 i eksisterande skulebruksplan står følgjande tiltak:

- Om-rokking av Førde barneskule og Førde ungdomsskule hausten 2025
- Greie ut flytting av ungdomssteget i Viksdalen i 2025

I sak 021/24 Tomt til etablering av nye institusjonsplassar i Førde, gjorde kommunestyret vedtak om at *Administrasjonen må forsere arbeidet med flytting av FBS og FUSK slik at dette ikkje er til hinder for val av lokasjon, men i staden vert med i eit samla kunnskapsgrunnlag* [Kunnskapsgrunnlaget for etablering av institusjonsplassar].

Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen vil gi eit grunnlag for å gjere vurderingar som er bestilt i Plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune (eksisterande skulebruksplan). Mellom anna å vurdere flytting av ungdomssteget frå Viksdalen skule. Men kunnskapsgrunnlaget vil også kunne inngå i framtidige utgreiingar som blir naudsynte for å omstille den kommunale drifta i møte med demografiendringar.

2.2 Samfunnsutvikling

2.2.1 Kva er demografi – kvifor er det så viktig?

Demografi seier noko om kva slags innbyggjarar vi har i kommunen vår. Demografi er studiet av befolkningar, fokusert på ulike befolkningsdynamikkar som fødselsrate, dødsrate, aldring, og migrasjon. Den ser på korleis befolkninga endrar seg over tid og korleis ulike demografiske faktorar påverkar samfunnet.

For ein kommune er forståinga av demografi avgjerande for effektiv planlegging og produksjon av offentlege tenester. Korleis befolkninga er samansett påverkar også utgiftsbehovet vårt. Altså kva tenester kommunen bør produsere meir eller mindre av. Utgiftsbehovet påverkar også inntektene vi får frå staten.

Sunnfjord kommune har i mange år hatt ein høg del barn og unge, og dermed eit høgare behov for barnehagar og skular enn det som er vanleg elles i landet. Vi ser no at dette bildet endrar seg.

Enkelt forklart viser den demografiske utviklinga for Sunnfjord kommune at tal barn og unge går ned, samtidig som tal eldre går kraftig opp. Det gjer at vi må bruke ressursane på ein annan måte i åra framover, enn vi gjer i dag.


Innsikt i den demografiske utviklinga står heilt sentral når vi skal planlegge for framtida.



2.2.2 Noverande demografisk profil

Folketalstorleik, aldersstruktur og fordeling

¹




Figur 3 - Utvalde nøkkeltal om befolkninga i 2023

¹ 4. kvartal 2023 – Tal frå SSB

I 2023 var det 22450 innbyggjarar i Sunnfjord kommune. Det vart født 218 barn og 167 innbyggjarar døydde.

4. kvartal 2023 meldte SSB om befolkningsvekst i Sunnfjord kommune, med eit overskot på 117 personar. Framskrivingane til SSB syner òg at vi kan vente eit rimeleg stabilt folketal i kommunen. Forventa folketal i 2030 er 22 292 innbyggjarar, og i 2050 er de venta 22 304 innbyggjarar. Det som er dramatisk for kommunen er ikkje folketalet, men samansetninga av dei ulike aldersgruppene.


Befolkningsamansetninga i kommunen ser i dag slik ut samanlikna med Vestland fylke og landet.



Graf 3 – Alderssamansetninga i kommunen, fylke og landet (SSB)

Denne framstillinga syner at vi skil oss frå Vestland fylke og landet, ved at vi har ein markant større del barn og unge. Denne «toppen» utgjer elevmassen Sunnfjordskulen er rigga for i dag. Ut over dette har vi ein «profil» som ligg tett på landssnittet, med ein litt høgare populasjon i aldersgruppa 60-70 år.

Vi kan vidare dele inn befolkninga i kommunen i fire hovudkategoriar:




Kva påverkar folketalet?

Folketalet i Sunnfjord kommune kan bli påverka av ei rekke faktorar, som saman bidreg til den totale befolkningsveksten eller -nedgangen. Dei viktigaste faktorane inkluderer:


Fødselsrate: Talet på fødsjar per år bidreg til befolkningsveksten. Ein høg fødselsrate kan indikere ei ung befolkning og bidra til positiv befolkningsvekst. Helse Førde meldte i januar at det var rekordlåge fødselstal, og sidan 2000 ser vi ein negativ trend i tal fødde²:

² SSB: 04231: Levendefødte, etter statistikkvariabel, region og år
17



Graf 4 – Fødselsrate i Sunnfjord kommune (SSB)

Dødsrate: Talet på dødsfall per år. Høg dødsrate, som regel ein samanheng med større del eldre befolkning, kan motverke effekten av fødselsraten og føre til befolkningsnedgang. Tal døde har vore stabilt i Sunnfjord kommune, i snitt 144 årleg sidan 2000³:




Graf 5 – Dødsrate i Sunnfjord kommune (SSB)

³ SSB: 08425: Døde, etter statistikkvariabel, region og år
18

Innvandring: Innflytting av personar frå andre kommunar, regionar, eller land kan føre til befolkningsvekst. Innvandring kan vere drive av arbeidsmoglegheiter, utdanning, familiegjenforeining, eller flukt frå konflikt- eller kriseområde.

Utvandring: Utflytting av personar til andre kommunar, regionar, eller land kan føre til befolkningsnedgang. Utvandring kan skje av same grunnar som ved innflytting. I Sunnfjord kommune har vi dei siste åra hatt ein auke i innvandring, grunna kringen i Ukraina. Til saman 334 ukrainarar har busett seg i kommunen sidan krigen braut ut i 2022.


SSB har tal på innanlandsk flytting på kommunenivå frå 2020⁴:



Graf 6 – Flytting til og frå Sunnfjord kommune (SSB)

⁴ SSB: 05471: Innenlandsk flytting, etter statistikkvariabel, region og år
19

SSB har også tal på kor mange personar som har innvandra til Sunnfjord kommune⁵:



Graf 7 – Inn og utvandring i Sunnfjord kommune (SSB)

Aldersstruktur: Samansetninga av befolkninga etter alder kan påverke den naturlege befolkningsveksten (forskjellen mellom fødsels- og dødsratar). Ein ung befolkning har potensiale for høgare fødselsratar, medan ein eldre befolkning kan ha høgare dødsratar.

Økonomiske forhold: Arbeidsmoglegheiter og den økonomiske situasjonen i ein kommune kan påverke både inn- og utflytting. Økonomisk vekst og gode jobbmoglegheiter tiltrekker folk, medan økonomisk nedgang kan føre til utflytting. Nærings- og ringverknadsanalysen⁶ som Sunnfjord Utvikling utførte saman med PwC synte i 2021 at dei fleste verksemdene hadde ei positiv utvikling i Sunnfjord kommune. Frå 2016 til 2020 var det 30 % vekst i omsetnad og 20 % vekst i verdiskaping for verksemdar med hovudkontor i kommunen.

Analysen synte òg følgjande:

1. Sunnfjord kommune har nokre viktige lokomotiv
 - 26 verksemdar har omsetning på over 150 mill. kroner . Desse verksemdene har samla 59 % av driftsinntektene til alle dei 650 verksemdene som er med i utvalet.
 - To av verksemdene merkar seg ut med omsetning på over 1 MRD:
 - Helse Førde HF - 3 MRD
 - Sparebanken Sogn og Fjordane - 1,1 MRD


⁵ SSB: 05426: Flyttingar, etter statistikkvariabel, region og år

⁶ <https://www.sunnfjordutvikling.no/wp-content/uploads/2021/11/211105-Presentasjon-til-formannskapet-2.pdf>

2. Høg utviklingstakt i næringslivet
3. Stor breidde i næringslivet i kommunen. Over 600 bedrifter med omsetning mellom 1 mill. kroner og 150 mill. kroner . Desse verksemdene har høgast vekst i lønsemda dei siste 2 åra.

Det er 12 680 personar som er registrert med arbeidsstad i Sunnfjord kommune⁷. 10 620 av dei bur i kommunen. Resten pendlar inn frå nabokommunane. 450 frå Kinn, 192 frå Høyanger, 186 frå Gloppen og 170 frå Askvoll.

Bustadtilgang og -prisar: Tilgjenge og kostnader ved bustad i kommunen kan påverke folketalet. Rimelege og tilgjengelege bustader tiltrekker folk, medan høge bustadprisar kan vere ein barriere for innflytting. Selskapet Krogsveen nyttar data frå Eigedom Norge, Eiendomverdi AS og Finn.no til å estimere prisutvikling på bustadmarknaden⁸. For Sunnfjord kommune ser prisutviklinga, samanlikna med distrikta i Vestland fylke slik ut:



Graf 8 – Utvikling i bustadpris (Krogsveen)

Vi ser at bustadprisen er høgare enn snittet i distriktet, og i fjerde kvartal 2023 kosta ein kvadratmeter 36 255 NOK, ei auke på 24,19% dei siste fem åra. Til samanlikning kosta ein kvadratmeter i Kinn og Steinkjer hhv. 27 003 og 22 790 NOK.

Livskvalitet og tenestetilbod: Faktorar som utdanningstilbod, helse- og omsorgstenester, fritidsaktivitetar, og miljøkvalitet bidreg til livskvaliteten og kan påverke folk si avgjerd om å flytte til eller frå ein kommune.

⁷ SSB Sysselsatte personer etter arbeidssted: 4. kvartal 2023

⁸ <https://www.krogsveen.no/prisstatistikk/sunnfjord-quarterly>

Desse faktorane samverkar ofte på komplekse måtar og kan variere mykje frå ein kommune til ein annan. Forståing av desse dynamikkane er avgjerande for kommunal planlegging og utvikling.

2.2.3 Folketalsframskriving

Det er tre overordna kjelder til usikkerheit i folketalsframskrivingane: demografiske føresetnader, modellspesifikasjon og offisiell statistikk.

Den største usikkerheita er knytt til dei demografiske føresetnadane om framtidig fruktbarheit, dødelegheit og inn- og utvandring. Framtidig inn- og utvandring er svært usikker, og er den faktoren som bidrar til mest usikkerheit i framskrivingane for skulesektoren. Også fruktbarheita og dødelegheita kan ende opp forskjellig frå det som er føreset.

Modellar er forenklingar av verkelegheita, og dei fangar ofte opp berre nokre hovudmekanismer. Det gjeld også modellane som blir brukt i folketalsframskrivingane.

I tillegg kan det vere feil i befolkningsstatistikken som utgjer grunnlaget for framskrivingane. Men i Norge er slike feil vanlegvis ikkje av betydning, og dei spelar ein relativt liten rolle for framskrivingane. På grunn av desse kjeldene til usikkerheit vil det bli avvik mellom framskrive og registrert folketal.

SSB gjer framskrivingar av folketal på kommunenivå fram til 2050. Framskrivingane vert gjort på tre nivå; lågt, middels og høgt. I dette kunnskapsgrunnlaget er det middels nivå som er lagt til grunn. Detaljert framstilling av framskrivingane finn du i vedlegg 2.



Figur 4 - Illustrasjonsbilde

Fordelt på dei fire «kategoriane med innbyggjarar (0-5, 6-15, 16-66 og 67+) ser befolkninga i Sunnfjord kommune slik ut i 2050:



2.3 Sunnfjordskulen

2.3.1 Oversikt skular

I 2023 har Sunnfjord kommune 2 897 elevar ved grunnskulane våre. Desse er fordelt på 14 ulike barne- og ungdomsskular rundt omkring i kommunen, med Vevring skule som den minste og Halbrend skule som den største. I gjennomsnitt går det 208 elevar på kvar skule i kommunen.


Nøkkeltal og djupare innsikt i var enkelt skule finn du i vedlegga «Skuleportrett» som er lagt ved dette kunnskapsgrunnlaget.

Skuleportretta har tre hovuddelar:

- Nøkkeltal
- Innspel frå FAU og tilsette
- Prosjektgruppa si vurdering av situasjonen.


I innspelsrunden kom det til saman inn over 85 tetskrivne A4 sider. Prosjektet har nytta kunstig intelligens til å gjere analysar av innspela som har komme inn. Deretter er dei kontrollert av prosjektgruppa, rektorane og FAU.

Skuleportretta finn du som vedlegg 3 til 16.



Figur 5 - Skuleportrett

På neste side får du ei rekke nøkkeltal for kvar skule. Samla for heile Sunnfjordskulen ser det slik ut:




Tabell 1 - Oversikt nøkkeltal alle skular

	Elevtal 23/24	Kapasitet	Reduksjon elevtal 33/34	Reduksjon elevtal 43/44	Klassesteg	Kostnad pr-elev
Bygstad skule	94	120	-20	-12	1-7	119 701
Flatene skule	232	330	-43	-50	1-5	112 467
Førde barneskule	226	243	0	-3	1-7	119 175
Førde Ungdomsskule	293	450	-45	-39	8-10	126 009
Halbrend skule	400	570	-122	-107	6-10	108 016
Holsen skule og barnehage	46	60	-31	-46	1-7	142 902
Naustdal skule	341	450	-57	-39	1-10	113 190
Sande skule	282	300	-26	-30	1-10	123 394
Skei skule	144	200	-10	-6	1-10	142 623
Slåtten skule	392	560	-74	-110	1-7	89 890
Sunde skule	154	350	-52	-30	1-7	104 928
Vassenden skule	253	440	-90	-110	1-10	125 526
Vevring skule og barnehage	7	30	-1	+3	1-4	277 511
Viksdalen skule	36	100	-12	-8	1-10	213 940

Kapasitet på skulane

Rektorane har meldt inn kva kapasitet dei har på skulane. Dei har meldt inn maksimalt elevtal med utgangspunkt i dei fysiske forholda ved skulen, og kva som er pedagogisk forsvarleg.



Graf 9 - Kapasitetsutnytting på alle skular med to målepunkt (Eigne tal/SSB)


Totalt vert 69 % av kapasiteten ved skulane utnytta skuleåret 23/24, sjølv om vi etter Plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune har lagt ned to skular. Skuleåret 33/34, med nedlegging av Vevring skule, og flytting av Førde barneskule og Førde ungdomsskule, vil prosentvis utnytting endre seg til 58 %. Skuleåret 43/44 er utnyttinga nede i 56%. Sjølv om vi har lagt ned fleire skular aukar altså den ledige kapasiteten, om vi ikkje gjer ytterlegare strukturgrep.



Figur 6 - Illustrasjon

Elevtal

SSB sine framskrivingar av elevtal ser slik ut:




Graf 10 – Elevtalsutviklinga i Sunnfjord kommune (SSB)

Over ser ein korleis elevtalsutviklinga er i Sunnfjord kommune. I 2017 var elevtala heilt oppe i 3112 elevar. Inneverande skuleår er elevtalet nede i 2897. Den oransje linja som stoggar i skuleåret 28/29 er folkeregistrerte barn i kommunen som er under skulealder, og i 28/29 er det 2579 barn i skulealder. Det er ein nedgang på 17% frå «toppåret» 2017. Vidare har vi synt dei tre nivåa for framskrivingar som Statistisk Sentralbyrå har laga. Differansen mellom framskrivinga kan forklarast med at SSB legg til grunn ei tilflytting, men kan også tolkast som at framskrivingane på middels nivå er optimistiske.

I dette kunnskapsgrunnlaget er middels folketalsframskrivning lagt til grunn, og vi ser at vi kan forvente reduksjon i elevtalet på opp i mot 450 elevar fram mot 2039.

Sunnfjordskulen består i dag av 14 grunnskular, derav 7 skular med ungdomssteg. Etter elevtal ser skulane våre slik ut i storleik:



Graf 11 - Samanlikning av storleiken på skulane etter elevtal


vevring skule

Vi har nytta Kompas (Kommunenes plan- og analysesystem) til å bryte ned framskrivingane til SSB på grunnkrets nivå. Statistikken som SSB produserer blir i denne prosessen sett saman med opplysningar om kven som bur i ein grunnkrets (alder, kjønn), kor dei bur (boligtype, geografisk plassering m.m.) og gjer analyser kring sentrale utviklingstrekk i kommunen.

Ved å gjere denne øvinga får vi eit bilete på korleis elevtalsutviklinga kan sjå ut på kvar enkelt skule. Det er viktig å vere klar over at statistikk vert meir treffsikker jo større populasjon ein har, og at denne framskrivinga er basert på kjende tal om innbyggjarane i 2022.

Det betyr at framskrivingane vi har gjort for dei minste skulane er usikre, og sanninga kan ved små endringar i befolkninga vere svært ulik.

I Sunnfjord kommune er det estimert følgjande elevtalsutvikling på skulane:



Graf 12 - Utvikling i elevtal med utgangspunkt i elevtalet 23/24 (SSB/KOMPASS)

Framskrivningane på grunnkrets nivå syner tendensar som er nyttige å ta med i planlegging av tenestetilbodet, og vi får ein indikator på kva skular som kan forvente seg eit stabilt elevtal, og kva skular som bør riggast for eit redusert elevtal. Sjå skuleportretta og/eller vedlegg 17 for utfyllande informasjon om elevtalsutviklinga på kvar enkelt skule.

Vi har ved tidlegare høve sett at det er krevjande å talfeste sentraliseringseffekten som skulane i Førde sentrum spesielt, er påverka av.

Tabell 2 - Tal busette flyktningar som er elevar i grunnskulen

Den auka flyktningstraumen har bidratt til å redusere nedgang i elevtalet i Sunnfjordskulen. Sjølv om vi har tatt i mot 77 elevar frå 2022 og fram til i dag, er det totale elevtalet i same periode redusert med 49 elevar.

År	Tal busette flyktningar som er elevar i grunnskulen
2022	27
2023	39
2024 (pr.25.03.2024)	11

Gruppestorleikar

Gruppestorleik⁹ er eit mål på lærartettleik, som betyr forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Det er to ulike måtar å rekne gruppestorleik på. *Gruppestørrelse 1* er definert som forholdet mellom det totale talet elevtimar og det totale talet lærartimar. *Gruppestørrelse 2* er forholdet mellom elevtimar (minus spesialundervisning og særskild norsk) og ordinære undervisningstimar. Dette blir då eit estimat på tal elevar per lærar i ordinær undervisning. Det er denne målinga vi nyttar i dette kunnskapsgrunnlaget.

Gruppestorleik og klassestorleik er to ulike målingar. Ein klasse med 20 elevar og to lærarar har same gruppestorleik som ein klasse med 10 elevar og ein lærar, men ulik klassestorleik.


I 2017 vart det innført ei øvre grense for kor mange elevar det skal vere per lærar i offentleg grunnskule. Denne norma vart innført ved skulestart 2018, og vart skjerpa allereie i 2019. Norma er no maksimalt 15 elevar per lærar på 1.-4. steg, og 20 elevar på 5.-10. steg.

Gruppestorleikane for kvar enkelt skule finn du i *Skuleportretta* som er lagt ved. I tabellen under finn vi avvika frå norma for kvar skule. Tala fortel oss kor langt kvar skule er under norma. Dette syner, ikkje overraskande, at det er dei store skulane som drifrar opp i mot norm, noko som igjen betyr god økonomisk utnytting av lærarressursane som er tilgjengeleg.

Tabell 3 - Gruppestorleik på kvar skule, for kvart hovudsteg. (GSI)


Skule	Avvik frå norm 1-4	Avvik frå norm 5-7	Avvik frå norm 8-10
Bygstad	6,4	7,7	
Flatene	0,1	5,9	
Førde barneskule	0	3,6	
Førde ungdomsskule			4,4
Halbrend skule		7,3	4,8
Holsen	6,8	9,2	
Naustdal	3,4	7,8	9,2
Sande	4,7	5,9	5,8
Skei	2,5	10,2	10,3
Slåtten	0,4	3,4	
Sunde	3,3	5,1	
Vassenden	6,5	8,2	7,8
Vevring	10,4		
Viksdalen	7,4	9,9	13,1

⁹ <https://www.udir.no/notat-larernorm/#a145733>



Graf 13 - Gjennomsnittleg gruppestorleik, 1.-10.årstrinn (SSB/KOSTRA)


Dersom ein samanliknar gruppestorleiken på dei tre hovudstega med dei andre kommunane såg det slik ut i 2022:



Graf 14 - Gjennomsnittleg gruppestorleik fordelt på hovudsteg, samanlikna med andre kommunar. (KOSTRA 2022)

Det som skilde Sunnfjord kommune frå dei andre kommunane i 2022, var at vi hadde lik gruppestorleik på 1. – 4. som på 8. – 10, og at samanlikningskommunane hadde større gruppestorleik på både mellomtrinn, og spesielt ungdomstrinn. Dette synte at vi ikkje greidde å ta ut «effekten» av at vi får færre elevar i ungdomsskulen. Sjølv om elevtalet går ned, er årstimetalet stabilt. Dette heng saman med utforminga av ressursfordelingsmodellen som er omtala i kap. 2.4.5. Dette har òg samanheng med kva fag skulen skal tilby på ungdomssteget. Sjølv om det berre er to elevar som vel Tysk, må vi tilby faget. Dette er med på å redusere gruppestorleiken, og gjer drifta ineffektiv.

Om vi ser på tal frå 2023 ser det slik ut:




Graf 15 - Gjennomsnittleg gruppestorleik fordelt på hovudsteg, samanlikna med andre kommunar. (KOSTRA 2023)

Vi ser at gruppestorleiken på barnetrinnet er lågare som er ein naturleg konsekvens av lågare elevtal. Vi har òg ein svak auke på ungdomssteget. Likevel har vi gruppestørrelsar som er langt under landssnitt og samanlikningskommunane (Graf 10).

Å drive ungdomssteget med låg gruppestorleik er kostnadsdrivande, og dyrare enn dei andre stega. Dette heng saman med at lærarane har ei anna undervisningsplikt på ungdomssteget, som betyr at dei underviser færre timar enn lærarar på 1. – 7. med lik stillingsbrøk.

Vi må også ta med at låg gruppestorleik på ungdomssteget kan ha positive effektar. Som det står meir om i kapittel 2.5, leverer vi god kvalitet i skulen. Høg fullføringsgrad i vidaregåande, og låge mobbetal på ungdomssteget, kan ha samanheng med den låge gruppestorleiken.



Graf 16 - Gruppestorleik på ungdomssteget over tid. Kostra 2023.

På denne grafen ser vi utviklinga i gruppestorleik på ungdomssteget over tid. Det kjem tydeleg fram at Sunnfjord kommune ikkje har greidd å redusere talet årstimar på ungdomssteget, sjølv om elevtalet går ned. Dette fører til at gruppestorleiken blir redusert. Det er ei lita betring i dette fenomenet i 2023. Dagens skulestruktur med mange ungdomsskular gjer det krevjande, om ikkje umogleg, å ta ut *gevinsten* av reduserte elevkull på ungdomsskulen.

Klassestorleik

Ressursfordelingsmodellen i Sunnfjord kommune legg føringar for kor mange elevar som kan vere i ein klasse.

- 1.klasse – 18 elevar
- 2. – 7. klasse – 28 elevar
- 8. – 10. klasse – 30 elevar

Dersom eit årskull er ein elev over 18, 28 eller 30 elevar, vil det utløyse klassesdeling, og skulen får tildelt 19, 21 eller 23,5 klokkeimar pr veke. Ein ekstra klasse vil på barnetrinnet utgjere om lag 1,5 MNOK.

På skular der elevtalet er lågt, vil det vere naturleg å slå saman fleire klassesteg i ein klasse, også kalla fleirdelt eller fådelt skule. Ved slike høve er det følgjande som gjeld:

- Maksimalt 24 elevar på to årstrinn
- Maksimalt 18 elevar på tre årstrinn
- Maksimalt 12 elevar på fire årstrinn

I denne oppstillinga er det totale elevtalet på kvar skule fordelt på tal klassar. Gjennomsnittsstørrelsen på klassane på dei ulike skulane ser då slik ut:

Bygstad skule og barnehage	13,4	Flatene skule	19,3
Førde barneskule	20,5	Førde ungdomsskule	24,4
Halbrend skule	23,5	Holsen	11,5
Naustdal skule	17,9	Sande skule	18,8
Skei skule	14,4	Slåtten skule	20,6
Sunde skule	22	Vassenden skule	19,5
Vevring skule og barnehage	7	Viksdalen skule	12

Foreldre og tilsette var i innspelsrunden bedt om å svare på korleis dei opplever at gruppestorleiken påverkar undervisningskvaliteten. I innspela er omgrepa *Gruppestorleik* og *Klassesorleik* blanda saman. Vi legg til grunn at gruppestorleik er forstått som kor mange lærarar som er tilgjengeleg, og kor store klassane er.

Generelt opplever foreldre og tilsette ved skulane at mindre grupper gir betre høve for ro, konsentrasjon, og trivsel, samt enklare oppfølging av elevar som treng ekstra støtte. Likevel kan for små grupper vere sosialt og fagleg sårbare, mens for store grupper kan medføre utfordringar som kapasitetspress og auka støy, som igjen kan forringe undervisningskvaliteten.


Både tilsette og foreldre nemner i sine innspel at ein ideell gruppestorleik er rundt 20 elevar, spesielt frå fjerde eller femte klasse og oppover. For yngre klassar er det ønskeleg med endå mindre grupper. Sjølv om nokre skular opplever at dei har eit bra handlingsrom med gruppestorleiken, påpeiker andre at store klasser skapar utfordringar for tilpassa opplæring og forverrar undervisningskvaliteten på grunn av mindre individuell tid og oppfølging.

Det er òg semje om at større grupper kan vere positivt om det er fleire lærarressursar tilgjengeleg, som sikrar at elevar får betre oppfølging. Men det er viktig å vurdere gruppa i samanheng med andre faktorar som dynamikk, lærartimar tildelt gruppa, og alderen på elevane.

Spesialundervisning

Elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning¹⁰. Spesialundervisning kan til dømes vere at eleven får tilpassa kompetansemål, hjelp til å bryte ned og sortere informasjon og strukturere skulekvardagen, jobbar ekstra med sosial læring og språk, eller får ekstra støtte for å kunne kommunisere. Spesialundervisninga skal vere tilpassa elevens behov.


Om vi samanliknar oss med kommunane frå tenesteanalysen, KOSTRA-gruppa og landet ser vi at vi har ein relativt låg del timar som går til spesialundervisning.



Graf 17 - Del av totalt timetal som går til spesialundervisning (KOSTRA)

Ser vi på kor mange timar ein elev med spesialundervisning i snitt får i året, ser vi at Sunnfjord kommune ligg høgare enn andre kommunar.

¹⁰ <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/spesialpedagogikk/spesialundervisning/>



Graf 18 - Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (Kostra/SSB)

Ut i frå desse tala kan vi sjå at vi over tid har redusert talet timar, og at vi ligg godt under landssnittet. Vi ser og at dei elevane som får tilbod om spesialundervisning i større grad har omfattande behov. Dette indikerer at Sunnfjordskulen har lukkast med å etablere ein inkluderande praksis der vi i større grad legg til rette undervisninga for elevar innafør den ordinære opplæringa, der det er mogleg. Dette er ein vesentleg kvalitetsindikator.

2.3.2 Administrativ organisering

Skulestruktur

	Tal skular	Totalt elevtal	Elevar per grunnskule i snitt	Tal ungdomssteg	Tal elevar på u.steg	Elevar per ungdomssteg i snitt
Sunnfjord	14	2 897	207	7	938	134
KOSTRA-gruppe 09			248			
Landet utan oslo			237			
Steinkjer	14 (+1*)	2 644	189	3	888	296
Voss	11	1 972	179	3	607	202
Sogndal	9	1 455	162	4	459	115
Kinn	11	2 215	201	3	744	248

* Steinkjer har ein privat skule

Samanlikna med dei andre kommunane har vi marginalt fleire elevar pr. grunnskule i snitt, om ein ser vekk i frå Sogndal. Om ein samanliknar med landet og KOSTRA-gruppa har vi

derimot eit lågt elevtal per skule i snitt. Hovudforklaringa her er truleg primært geografien i kommunen vår.

Det som skil seg ut er tal ungdomsskular. Her har vi 7 skular med ungdomssteg, mot 3 i samanlikningskommunane (Sogndal 4). Vi har fleire elevar i ungdomsskulen totalt, men om ein fordeler elevane på tal skular får ein eit bilete på at vi har ein betydeleg høgare kapasitet i ungdomsskulen, samanlikna med dei andre kommunane, om ein ser vekk i frå Sogndal. At elevane våre er fordelt på så mange skular med ungdomssteg gjer det vanskeleg å få opp gruppestorleik og sikre effektiv drift. Mange skular med ungdomssteg er kostnadsdrivande.

Skuleleiing

Rektorane i Sunnfjordskulen driv skular som utmerkar seg med høge skårar på kvalitetsindikatorar som godt skulemiljø, gode faglege resultat, og høg gjennomføringsgrad i vidaregåande. Rektorane har sjølv peika på at sektoren er godt organisert, og at det er etablert gode system. Rektorkollegiet er ei samarbeidande gruppe, og fungerer som eit støttesystem for kvarandre. Det har over tid vore stabilitet i rektorstillingane, noko som truleg har vore ein styrke i utviklingsarbeidet, og innkøringa i ny kommune. I snitt er det 135 elevar per årsverk til administrative og pedagogiske leiaroppgåver¹¹. Det er lågare leiingsressurs i høve elevtalet enn i samanlikningskommunane.



Tabell 4 - Elevar per årsverk til administrative og pedagogiske leiaroppgåver. GSI 2023

Sunnfjord	Voss	Kinn	Sogndal	Steinkjer
135	105	108	114	132

Rektorane fekk i oppgåve å reflektere kring fleire problemstillingar som var knytt til kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen, og følgjande kom fram i den prosessen:

Økonomisk handlingsrom

Det økonomiske handlingsrommet blir skildra som ulikt mellom skulane. Fordelingsmodellane er i grunn rettferdige, men tar ikkje opp i seg alle faktorar. Til dømes vil

¹¹ Tal henta frå GSI 2023. Tal elevar fordelt på tal årsverk skuleleiing.

lønskostnadane på ein skule ha samanheng med kva utdanning dei tilsette har, noko som kan vere ulikt frå skule til skule.

Avgrensingar i handlingsrommet kjem til syne gjennom små driftsbudsjett og lite rom for ekstra utgifter, sjølv om det finst eit generelt handlingsrom. Det ei aukande utfordring med behov for individuell oppfølging som gjer situasjonen utfordrande.

Rekrutteringssituasjonen

Generelt opplever Sunnfjord kommune utfordringar med rekruttering, særleg i å tiltrekkje lærarar og skuleleiarar, med få søkjarar til ledige stillingar. Situasjonen varierer mellom skular, der nokre har større utfordringar med å fylle stillingane.

Framtidige utfordringar

Rektorane ser for seg fleire framtidige utfordringar, inkludert ein strammare økonomi, kapasitetsutfordringar i skuleleiinga, nedgang i elevtal, og utfordringar knytt til å sikre rett kompetanse. Dei peikar òg på behovet for å tilpasse seg endringar i skulestrukturen og handtere mottak av flyktningar.

Tiltak

Rektorane vart utfordra til å komme med forslag til tiltak for å møte framtidig innsparings- og omstillingsbehov i sektoren. Det vart då diskutert samlokalisering og samanslåing av skular for å betre handtere nedgang i elevtal, reduksjon i stillingar for å kutte kostnader, og revisjon av skulekringsgrenser for møte framtidig elevtal. Rektorane etterlyser òg politisk vilje til å ta upopulære avgjerder for å sikre kvaliteten i skulesystemet, og samtidig gjere tiltak for å marknadsføre Sunnfjord kommune.

Rektorane er tydeleg på at det ikkje er mogleg å spare meir på driftsmidlar, og at osthøvelprinsippet ikkje er ei løysing på utfordringane.

Skuleleiarrolla i tida som kjem

Skuleleiarar møter omfattande utfordringar i møte med framtidig omorganisering og innsparing. Å balansere behovet for å oppretthalde høg kvalitet i utdanninga med reduserte ressursar krev strategisk planlegging og kreativitet. I tillegg må skuleleiarar navigere i det politiske landskapet, samtidig som dei handterer forventningar frå både tilsette, elevar, og foreldre.

Det er ei kjent sak at rolla som skuleleiar er utfordrande, med krysspress, leiing av fleire dimensjonar og høgt trykk. I Skolelederforbundet sin rapport *Rektors handlingsrom: Er vi styrt eller støttet?*¹² er forfattarane overraska over kor mange rektorar som melder om at oppgåver er opplevd belastande. Spesielt er oppfølging av Kapittel 9A i Opplæringslova, som omhandlar elevens individuelle rett til eit trygt og godt skulemiljø, og anna lovverk vert trekt fram. Belastningar kjem klart i vegen for utviklingsarbeid i skulen, vert det hevda.

¹² https://www.skolelederforbundet.no/wp-content/uploads/2023/08/skolelederen_rapport_2023-web.pdf

Frå hausten 2024 blir ny opplæringslov sett i verk. I lovverket er elevperspektivet styrka, og dei individuelle rettane til elevane tydeleggjort. Sjølv om den nye lova ikkje har store endringar frå dagens lovverk, er det likevel eit omfattande arbeid for leiarane å sikre at verksemda er i tråd med ny lov. Dette kjem i tillegg til oppgåvene rektorane løyser i dag.

Ei nøkkeloppgåve for rektorane framover blir å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette, og halde på dei tilsette i ei tid der mange vel å gå over til andre yrke. Det blir avgjerande å kunne tilby den støtta og rettleiinga dei tilsette treng, og kanskje spesielt retta mot nytilsette¹³.

Vi må vere bevisst på belastninga på rektorane i prosessane vi no skal inn i. Nytt lovverk, innsparing, omstilling, rekrutteringsutfordringar, auke i tal elevar med særlege behov og ivaretaking av dei tilsette samtidig som vi skal sikre kvaliteten vi har i Sunnfjordskulen i dag, vil utgjere ei betydeleg belastning på skuleleiarane.

2.3.4 Bygningsmessige forhold

Opplæringslova regulerer kommunen sine plikter knytt til grunnskuleopplæringa, og § 9 A-2 seier at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. I august 2024 blir kapittel 9A til kapittel 12 i ny opplæringslov, og ordlyden er endra til "elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel, inkludering og læring". For at alle elevar skal ha best mogleg rammer for læringsmiljø og –utbyte, må det fysiske skulemiljøet vere tilrettelagt.



Figur 7 - Illustrasjon

Tilsette og foreldregrupper er for det meste nøgd med skulebygga sine. Fleire bygg har gjennomgått rehabiliteringar i seinare tid, noko som har positivt påverka arbeidsmiljøet for elevar og tilsette. Tilgang til hallar vert løfta fram som ein styrke for dei skulane som har ein hall i nærleiken. Det vert også påpeika at det er godt vedlikehald ved dei fleste skulane, sjølv om alderdommen har overtaket for enkelte bygg.

I innspelsnotata finst det fleire felles utfordringar og behov når det kjem til å forbetre dei fysiske rammene. For det første er det eit uttalt behov for modernisering og omstrukturering av fasilitetar, inkludert oppdatering av IKT-utstyr, solskjerming, og oppgradering av spesialiserte rom som mediatek, musikkrom og sløydrom. Fleire skular har behov for å

¹³ <https://www.utdanningsnytt.no/laererloftet-laererstudiet/dette-er-de-tre-viktigste-arsakene-til-at-laerere-slutter/145605>

forbetre den universelle utforminga, samt fleire grupperom for å møte behovet for individuell undervisning og tilrettelegging.

Vidare er vedlikehald eit gjennomgåande tema. Uteområda treng merksemd, med ynskjer om forbetringar av eksisterande område og etablering av nye, overbygde fellesareal for elevar i friminutta.

Temperaturen i bygningane er ein annan faktor som må taklast, der gamle eller ineffektive varmesystem treng utskifting eller oppgradering. Infrastrukturutfordringar som lydisolering, elektriske punkt og toalettfasilitetar er òg gjentakande i tilbakemeldingane.



Mange skular ser også behovet for å tilpasse seg endringar i bruken av SFO som følgje av gratis kjernetid for 1.-3., noko som kan medføre at ein må tenke nytt i høve organisering og rombruk.

Til slutt er sikkerheit rundt skulane eit område som treng forbetring, særleg med tanke på trafikkisikkerheit og regulering av trafikk rundt skuleområdet.

Samla sett speglar svara eit stort behov for investeringar for å sikre at skulane er godt rusta for å møte dagens og framtidig pedagogisk praksis og elevar sitt arbeidsmiljø.

Figur 8 - Illustrasjon

Eining for bygg- og eigendomsforvaltning (BEF) har ei samla oversikt over kva skulebygg som har behov for kritiske tiltak:


- Førde barneskule må bytte tak, vindauge, generell overflatebehandling, samt utbetring av defekt rørgate for vatn, avlaup og varme. Sjå elles «skuleportrettet» for utfyllande informasjon.
- Ved Slåtten skule er det observert betydeleg sig i bygningsmasse på delar av bygg 3. BEF i gang med å kartleggje konsekvens. På skulen må ein òg halde fram med takutbetring.
- Viksdalen skule har stort behov for nytt tak, samt utbytting av oljekjel.

I tillegg er det behov for tiltak ved Hafstad vidaregåande skule og Førde ungdomsskule i samband med rulleringa som er planlagt. Desse tiltaka er oppgraderingar både ute og inne som er naudsynte for å tilpassa bygga til nye funksjonar.

Foreininga Løvemammaene Vest gav også innspel til arbeidet med dette kunnskapsgrunnlaget. Innspelet omhandlar betydninga av universell utforming og korleis dette påverkar dei fysiske forholda ved skulebygg i kommunen. Det vert framheva at universell utforming er essensielt for inkludering og kvalitet på opplæringa, og at dette gjeld både bygningsmasse og uteområde.

Det vert påpeika at det finst manglar i den universelle utforminga ved skulane i dag, både inne og ute, som tyder på at eksisterande tilretteleggingar ofte er gjort som eit attpå-tiltak, noko som har resultert i dårlegare løysingar. Det vert argumentert mot å spare på kostnadar ved å kutte universell utforming i planleggingsfasen av nye tiltak, ettersom det kan føre til større utgifter seinare og gå ut over dei som treng det mest. Det vert oppmoda om å inkludere barn med spesielle behov frå starten av i eventuelle strukturendringar, då dette kan føre til ein enklare og meir kostnadseffektiv prosess.

Samla sett er budskapet frå Løvemammaene Vest klart: ein må ta omsyn til universell utforming i alle deler av ein skule sin infrastruktur og læringsmiljø, og at dette ikkje bør vere ei ettertanke eller ei minimumsløysing, men ein integrert del av den opphavlege planlegginga.



Figur 9 - Illustrasjon


2.4 Økonomi

2.4.1 Økonomisk berekraft

Det er tre indikatorar ein normalt legg til grunn for å vurdere kommunen si økonomiske berekraft og handlingsrom. Den første går på *resultatgrad*, også kalla netto driftsresultat. Den andre er *gjeldsgrad*. Den siste indikatoren er knytt til oppsparte frie midlar, også kalla *disposisjonsfond*.

Resultatgrad – netto driftsresultat

Resultatgraden viser kva kommunen sit igjen med når alle driftskostnader (inkludert renter og avdrag) er trekt frå kommunen sine driftsinntekter. Normalt vert denne målt i % av samla driftsinntekter. Nasjonalt er det angitt at denne normalt bør ligge over 1,75 %, noko som er likt kommunen sin eigen handlingsregel. For åra 2020 til 2022 har resultatgraden for Sunnfjord kommune vore hhv 0,7 %, 2,6 % og 1,5 %. For 2023 viser foreløpige KOSTRA-tall 1,1 %. Eit positivt tall under 1,75 % kan vi omtale som eit resultat på gult nivå. Om vi samanliknar med dei andre kommunane har dei siste åra sett slik ut:



Graf 19 - NDR siste år for samanlikningskommunane. SSB/KOSTRA/Framsikt


Figuren over syner ei samanlikning med nokre utvalde kommunar. I 2022 var landet, Kinn og KOSTRA-gruppa over målet på 1,75% netto driftsresultat. I 2023 og dei foreløpige tala, viser at samtlige kommunar ligg under eit mål på 1,75%. Sogndal kjem nærast med rundt 1,6%, mens tre av kommunane, og KOSTRA-gruppa faktisk kjem ut med eit negativt driftsresultat

for 2023. Tala for 2023 er foreløpige og kan bli endra når tala blir reviderte. Nye tal kjem 15. juni. For Sunnfjord kommune er elles årsbudsjettet for 2024 vedteke med eit netto driftsresultat på 0,4 %.

Kommunens gjeldsgrad

Gjeldsgrad er kommunen si lånegjeld i % av driftsinntektene. Indikatoren er noko meir kompleks å vurdere, sidan ein del av lånegjelda er finansiert via sjølvkost, men for å måle status og utvikling omtalar vi ofte eit berekraftig nivå til å ligge rundt 80 %. Sunnfjord kommune har sjølv sett 50 % som eit berekraftig nivå på denne indikatoren¹⁴. For åra 2020 til 2022 har gjeldsgraden for Sunnfjord kommune vore hhv. 97,4%, 97,8% og 92,7%. Nivået for 2023 er 94,4 %. Også her er med andre ord Sunnfjord kommune noko over / dårlegare enn tilrådd, og også for denne indikatoren ligg kommunen på eit gult nivå.

Figuren under viser ei samanlikning med dei andre kommunane dei siste åra:



Graf 20 - Lånegjeld siste år for samanlikningskommunane. SSB/KOSTRA/Framsikt

Målet på 50 % er som nemnt noko lågare enn det vi ofte ser andre kommunar har på lånegrad. Ein norm som ofte er nytta er rundt 80%, men sjølv eit slikt nivå ligg lågare enn Sunnfjord kommune gjer per no. I motsetning til dei to andre indikatorane er det her om å gjere å ligge under det finansielle målalet.


To av kommunane i samanlikninga, Voss og Sogndal, ligg ned mot 50% og godt under 80%. For dei aller fleste kommunane er gjelda synkande frå 2022 til 2023, også for Sunnfjord

¹⁴ Økonomiplan 2024-2027

kommune. Både Steinkjer og Kinn har i heile perioden høgare gjeldsgrad enn Sunnfjord kommune.

Disposisjonsfond


Den siste indikatoren er knytt til oppsparte frie midlar også kalla *disposisjonsfond*. Også denne vert målt i % av driftsinntektene. I utgangspunktet vil det alltid vere ønskeleg å ha eit betydeleg disposisjonsfond, men for å måle berekraft, ser vi at ein ofte nyttar eit mål mellom 10 til 20 %. Sunnfjord kommune har sjølv sett 10 % som eit berekraftig nivå i sine gjeldande handlingsreglar¹. For Sunnfjord kommune har utviklinga frå 2020 til 2022 vore 4,6 %, 6,0 % og 5,3 %. Dette er også å betrakte som eit gult nivå. Ei samanlikning her ser slik ut:



Graf 21 - Disposisjonsfond siste år for samanlikningskommunane. SSB/KOSTRA/Framsikt

Figur 3 viser at Sunnfjord kommune er den kommunen med lågast disposisjonsfond og dermed frie reserver. I snitt ligg både KOSTRA-gruppa og landsgjennomsnittet over måлтаlet på 10%. Det gjer også Sogndal. Voss og Kinn ligg omlag på same nivå som Sunnfjord kommune, mens Steinkjer har eit fall frå 2022 til 2023 og er også under 10 % i dei foreløpige tala for 2023.

Kommunaløkonomisk bærekraft



Oppsummert er den økonomiske berekrafta til kommunen noko under ønska nivå. Alle dei tre sentrale indikatorene syner lågare eller svakare resultat enn målsettinga. Det er berre i 2021 at ein av indikatorene (resultatgrad) var over det som omtalast som eit ønska nivå.

Forenkla kan dette illustrerast slik som figuren til venstre syner. Per 2023 låg alle indikatorene lågare/svakare enn gjeldande handlingsreglar.

2.4.2 Oppsummert – finansielle nøkkeltal

Dei finansielle nøkkeltala syner at Sunnfjord kommune er i ein utsett og sårbar økonomisk situasjon. I tillegg til at kommunen venteleg vil få reduserte eller strammare økonomiske rammer framover, må ein også venne seg til høgare (og variabelt) rentenivå, auka faste kostnader (straum, løn/pensjon, generell prisvekst) og ei kostnadskrevjande endring i demografien. Neste del nedanfor kjem inn på denne utfordringa for kommunen generelt og for oppvekstområdet spesielt.

2.4.3 Framskriving av demografi avdekkjer eit stort omstillingsbehov


Kvart einaste år endrar samansetjinga av innbyggjarar i kommunen. Etterkvart som åra går blir endringane så store at dei får to viktige utslag:

- Tenestene kommunen tilbyr får anten overkapasitet eller underkapasitet samanlikna med tidlegare, såframt ein ikkje justerer tilbodet
- Kommunen sine inntekter frå rammetilskotet blir justert etter eit berekna kostnadsbehov. Færre innbyggjarar i skulealder vil redusere kommunens inntekter, medan fleire innbyggjarar i dei eldre årsgruppene vil kunne auke inntektene.



Figur 10 - Illustrasjon

Figuren nedanfor syner ei estimering av korleis endringar i demografi vil påverke kommunen sine framtidige kostnader. Forutsetninga for ei slik berekning er at einingskostnadene per brukar ligg fast og at ein driv slik ein driv i dag.



Graf 22 - Utvikling i demografikostnader - Framsikt/SSB berekning

Graf 20 syner korleis dette slår ut samla for Sunnfjord kommune. Her baserer vi oss på middelalternativet¹⁵ til SSB og ein tidsserie frå 2024 til 2034¹⁶. Fleire eldre gir kommunen auka kostnader som blir delvis kompensert i inntektssystemet, samtidig som ein reduksjon i tal på barn i skulealder gir eit markert fråtrekk. Berekinga illustrert over syner behovet for omdisponeringar i budsjettet og mellom tenesteområda.

¹⁵ Middelalternativet MMMM med forutsetning om middels fruktbarhet, dødelighet, innvandring og utvandring.


¹⁶ Omstillingstala for grunnskule vil vere noko høgre i denne framstillinga samanlikna med det som er nemnt i sak 198/23 til Formannskapet tidlegare i år, grunna oppdatering av nye kostnadstal.

Grafen visar ein netto kostnadsauke på rundt 93 mill. kroner i kommunens driftsbudsjett frå 2023 til 2034. Kostnadsveksten innanfor dei eldre aldersgruppene isolert sett er på nesten 190 mill. kroner, mens det føreset at kommunen finansierer rundt 100 mill. kroner av dette med omdisponeringar frå dei yngste aldersgruppene – barnehage og grunnskule. Meir om konsekvensane og omfanget konkret for grunnskule nedanfor.

2.4.4 Demografiutvikling og elevtalsutvikling (6-15 år)

For dei yngste aldersgruppene (0-15 år) går ein frå rundt 4 450 i 2022 til 3 700 i 2034. For aldersgruppa 6-15 år går kommunen frå 2 932 i 2022 til rundt 2 550 i 2034. SSB tala for perioden 2034 til 2043 syner ei tilnærma flat utvikling. Disse anslaga er usikre og bør vurderast å vere optimistiske. Den første figuren nedanfor viser elevtalsutviklinga (6-15 år) samanlikna med den fysiske kapasitet i skulane.

Tala her syner at det frå 2023 til 2034 vil bli rundt 360 færre elevar samla sett. Dette er ein reduksjon som utgjer 1,5 skular på størrelse med Førde barneskule i elevtalsnedgang. Med dagens struktur har kommunen rett i overkant av 200 elevar i gjennomsnitt per skule. Dette snittet, med å vidareføre dagens struktur, vil bli redusert til rundt 170 når elevtalet er på sitt lågaste.




Graf 23 - Utnytting av fysisk kapasitet

I graf 21 har vi illustrert dagens og framtidig kapasitet, med dagen struktur lagt inn med oransje linje. Endringa i den oransje linja er nedlegging av Vevring skule og flytting av Førde barneskule og Førde ungdomsskule. Kommunen har i dag eit gjennomsnittlege elevtal per skule på 207 elevar (23/24-tal). Gapet mellom kapasitet og elevtal illustrerer overkapasiteten i Sunnfjordskulen. Gitt dagens organisering og forventa elevtalsutvikling, vil overkapasiteten

auke vesentleg framover (ledig kapasitet på 1 417 plassar i 2024, aukande til 2 157 plassar i 2034). Grafen gir såleis eit godt bilete på omstillingsbehovet og -potensialet.

Demografien påverkar utgiftsbehovet for ulike tenester i ein kommune. Det samla utgiftsbehovet for alle tenester, vil i sin tur påverke rammetilskotet som kommunen får frå staten. Auka utgiftsbehov blir delvis kompensert i form av auka rammetilskot, medan ein nedgang gir eit trekk i rammetilskotet.

Graf 22 nedanfor viser utvikling i estimert utgiftsbehov innan grunnskule basert på demokratiutviklinga fram til 2032.



Graf 22, Graf KS - demografikostnader for Sunnfjord kommune


Reduksjonen i utgiftsbehovet er betydeleg større i Sunnfjord enn for både landet generelt og for Vestland-kommunane. Sunnfjord kommune har i mange år hatt ein høg del barn og unge, og dermed eit høgare behov for skular enn det som er vanleg elles i landet. Grafen viser at dette biletet vil endre seg. Ein risikerer overdimensjonerte tenester dersom ein ikkje justerer tilbodet.

Nedgangen i utgiftsbehov vil i sin tur påverke rammetilskotet og er hovudårsaka til at kommunen får betydelege reduserte inntekter i perioden. Dette inntektsbortfallet er det som blir omtala som «omstillingsbehovet» og som i utgangspunktet må gjennomførast i tillegg til eventuelle generelle innsparingsbehov.

2.4.5 Innsparings- og omstillingsbehov for grunnskulen samla i perioden fram til 2032

Som utviklinga over syner vil kommunen måtte gjennomføre ei betydeleg omstilling grunna demografien. I tenesteanalyse er denne sett til rundt 52,4 mill. kroner for grunnskulen i Sunnfjord kommune. Utviklinga syner at truleg må denne omstillinga fortsette også etter 2032. Det samla omstillingsbehovet i kommunen er sett til rundt 83,9 mill. kroner, der hovuddelen må dekkast inn der dei framtidige demografibehova blir redusert, altså innafør barnehage og grunnskule.

I tillegg kjem det eit generelt innsparingsbehov på rundt 121 mill. kroner, der grunnskule må ta rundt 17,9 mill. kroner av desse. Utviklinga per år i perioden frå 2024 til 2032 ser omtrent slik ut:



Graf 24 - Innsparing og omstilling samla for grunnskuleområdet i Sunnfjord kommune – Eigne tal

Den blå delen av grafen syner grunnskulen sin del av innsparinga, mens den oransje syner omstillingsdelen av beløpet. Samla er det allereie i 2024 over 8 mill. kroner og i slutten av kommande økonomiplanperiode – i 2028 – er det samla akkumulerte behovet på 52 mill. kroner. Utviklinga i tall ser slik ut:

Tabell 5 Innsparing og omstillingsbeløp for grunnskule i perioden fram til 2023. Tal frå Tenesteanalyse.

Grunnskule	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Innsparing	1,5	10,5	15,0	17,9	17,9	17,9	17,9	17,9	17,9
Omstilling	6,6	11,3	15,7	27,0	34,3	39,0	41,0	49,4	52,4
Samla	8,1	21,8	30,7	45,0	52,2	56,9	59,0	67,3	70,3

Som nemnt ovanfor er det noko høgare omstillingstal for grunnskule i graf 15 samanlikna med tala i denne tabellen . Dette skuldast i hovudsak at ein brukar noko meir oppdaterte kostnadstal for framskriving av demografikostnader. Dette er også ei påminning om at det er viktig å starte tilpassinga og omstillinga så raskt som mogleg då denne utviklinga vil halde fram dei neste åra.

2.4.5 Kva innsparing vil redusert elevtal aleine gi oss?

Det er gjennomført ei utrekning på kva utslag redusert elevtal vil kunne ha på utgiftsnivået i sektoren. Vi har nytta ressursfordelingsmodellane som er gjeldande i dag. Ei meir detaljert utgreiing på korleis vi har gjort denne utrekninga kan du sjå i vedlegg 18. Premissane for utrekninga, og beskriving av ressursmodellane, er nærare vist i vedlegg 19 – *Handbok ressursmodell*.

I arbeidet med denne utrekninga ser vi tydeleg at ressursmodellane vi nyttar i dag har eit design som er rigga for vekst, ikkje nedgåande elevtal. Dette er med på å gjere utrekninga, og resultatet høgst usikkert. Det er behov for å revidere ressursfordelingsmodellane slik at dei blir eit betre verktøy for å handtere framtidig elevtalsnedgang, og gi ei større økonomisk føreseielegheit.

Utrekninga syner at vi har eit teoretisk innsparingspotensiale på 31,6 MNOK i 2028, og 49 MNOK i 2033. I utrekninga ser vi at det er mange faktorar som gjer til at estimatet er høgst usikkert, og berre små avvik frå estimert framtidig elevtal gjer store utslag.

Det teoretiske innsparingspotensialet som vi her har rekna ut viser ikkje anna enn at vi har eit potensiale i det reduserte elevtalet, og at for å kunne møte omstilling- og innsparingsbehovet må vi sjå struktur og reduserte driftsutgifter i samanheng.

Denne utrekninga må ikkje leggest til grunn for kor stor del av omstillinga vi kan løyse ved reduserte driftsutgifter, men tolkast som ei stadfesting på at:

- vi må utarbeide ein ny fordelingsmodell som er tilpassa reduisering av elevtal.
- vi må sjå reduserte driftsutgifter og skulestruktur i samanheng.

2.4.6 Oppsummering

NO-situasjonen

Sunnfjord kommune har ein til dels anstrengt og skjør økonomi. Fleire av dei økonomiske og finansielle indikatorane syner ei svak utvikling og at kommunen har ein moderat til liten økonomisk handlefridom. Samtidig har ikkje kommunen underskot eller meirforbruk frå tidlegare år som må dekkast inn.

Framtidige behov


Framskrivinga av demografikostnadane gjev eit tydeleg bilde på kva omstillingsbehov Sunnfjord kommune har. I tenesteanalysen for kommunen samla er det planlagt ei samla innsparing på 121 mill. kroner og ei omstilling på 84 mill. kroner i perioden 2024 til 2032. Samla innsparing og omstilling er difor anslått til rundt 205 mill. kroner. Ein stor del av denne omstillinga og innsparinga vil naturleg nok gje betydeleg effekt på Sunnfjordskulen. Samla er det føresett at grunnskule skal dekke 70,3 mill. kroner av denne samla endringa.

Allereie innan 2028 er det føresett ein reduksjon innan skulesektoren på 52 mill. kroner. I praksis vil dette bety ein reduksjon tilsvarande rundt 60 lærarstillingar. Ei slik endring lar seg ikkje gjennomføre utan at ein gjennomføre større strukturelle grep innanfor grunnskulen. Allereie i dag (2024) har Sunnfjord kommune ein kostnadskrevjande struktur. Samanlikna med andre kommunar driv Sunnfjord kommune effektivt, for eksempel innanfor spesialundervisning eller undervisning generelt. utfordringa er at tal elevar i skulen vil falle betrakteleg i åra som no kjem og då blir strukturen enda meir «kostnadskrevjande» dersom den ikkje blir lagt om betydeleg.

Føresetnadane for berekningar knytt til omstillingsbehov grunna endringar i demografi baserer seg på middelsalternativet til SSB. Det er eit alternativ som også har ein viss grad av usikkerheit og sårbarheit. Alternativet med for eksempel låg nettoinnvandring til kommunen vil dette alternativet auke omstillingsbehovet ytterlegare – estimert til rundt 15 mill. kroner¹⁷ innan 2032. Dersom vi legg til grunn tilnærma inga flytting, vil omstillingsbehovet auke ytterlegare, og spesielt innanfor grunnskulesegmentet. Alternativet med middelsalternativet har difor betydeleg usikkerheit knytt til seg.

Om vi ser innsparing og omstilling i samanheng med det teoretiske innsparingspotensialet som ligg i redusert elevtal får vi denne framstillinga:

¹⁷ Tall frå SSB/KOSTRA/Framsikt berekna per mars 2024 – endring frå 2023 til 2032



Graf 25 - Samla innsparing, omstilling og teoretisk reduksjon i driftsutgifter gitt redusert elevtal (KOSTRA, SSB, Framsikt, Eigne tal)

Vi ser her at vi får *drahjelp* av redusert elevtal. Vi ser òg at det ikkje er mogleg å nå mål om innsparing og omstilling ved reduksjon av elevtal aleine, og at vi må sjå struktur og elevtal i samanheng. Vi kan hevde at alt over den svarte lina er innsparing og omstilling som må løysast ved hjelp av *harde* kutt og/eller strukturgrep.

2.5 Kvalitet

2.5.1 Kva seier innspela om pedagogisk kvalitet?

Det er fleire område som er belyst i innspela som har komme inn i dette prosjektet.

I innspela har det komme fram ei rekke område der tilsette og foreldre er nøgd med den pedagogiske praksisen. Momenta som vert løfta fram definerer langt på veg kva som er viktig å ta vare på i møte med framtidige utfordringar for å oppretthalde kvaliteten:

Kompetent og kvalifisert personale: Mange av skulane trekker fram at dei har godt utdanna lærarar med formell kompetanse, både i basisfaga og dei praktisk-estetiske faga. Dette inkluderer også vektlegging av lærarane si tverrfaglege og relasjonelle kompetanse, samt deira vilje til kontinuerleg fagleg utvikling.

Tilpassa opplæring og varierte undervisningsmetodar: Skulane rapporterer at dei tilpassar undervisninga godt til behova til elevane og bruker varierte undervisningsmetodar, som stasjonsundervisning, uteskule og aktivitetsbasert læring. Det er også vektlagt tidleg innsats og spesielle team for å støtte elevar med særskilte behov.

Trygt og inkluderande læringsmiljø: Det er ei sterk kjensle av tryggleik og trivsel blant elevar og personale. Dette blir støtta av stabilitet i personalgruppa og gode fysiske og sosiale miljø som fremjar samhald og godt miljø. Inkludering av alle elevar, uavhengig av bakgrunn og behov, er også ein nøkkelstyrke.

Fysisk og digital infrastruktur: Mange skular har gode fasilitetar, som uteområde for fysisk aktivitet, skulebibliotek, gymsalar, og digitalt utstyr som digitale tavler. Det er også nemnt at SFO og skulen ofte er godt integrerte og skapar eit samla tilbod for elevane.

Samarbeid med lokalmiljøet og foreldre: Skulane rapporterer om eit godt samarbeid med lokalmiljøet, bruk av lokale ressursar for undervisning, og aktive samarbeidsprosjekt som inkluderer foreldra og ulike aktørar i nærmiljøet.

Vi har òg identifisert nokre område som gjer seg gjeldande på spørsmålet om kva forbettingsområde ein ser innafor det pedagogiske arbeidet:

Vidareutdanning for lærarar:

Kompetansekrav gjer til at fleire lærarar må ta vidareutdanning for å ha godkjent undervisningskompetanse, noko som blir sett på som problematisk. Det er òg spelt inn at lærarutdanninga i dag, med masterløp, er smalare og dermed fører til at læraren ikkje har same breidde som før. Dette gjer det krevjande når ein legg timeplan, spesielt på dei lågaste trinna.

Lærarmangel og ressursfordeling: Det blir rapportert om mangel på lærarar på skulane, noko som gjer skulen sårbar ved sjukdomsfråvær og permisjonar. Det blir òg nemnt behov for betre ressursfordeling etter kommunesamanslåing og ved tildeling av midlar til tidleg innsats.

Kompetanseutvikling og støttesystem: Det er eit ønske om utvida kompetanse på visse område, som vernepleiarar, og det blir uttrykt eit behov for kontinuerleg relevant fagleg påfyll for å møte framtidige utfordringar.

Administrativ stabilitet og pedagogisk utvikling: Det er viktig med stabilitet blant personale og at skuleeigarane er bevisste sin rolle i å legge til rette for fagleg utvikling og attraktive arbeidsforhold.

Praktisk retning og variert undervisning: Fleire svar peikar på behovet for meir praktisk læring og betre vurderingspraksis, samt bruk av konkretiseringsmiddel og varierte undervisningsmetodar.

Infrastruktur og ressursar: Det blir rapportert om mangel på grupperom, lærebøker og andre læremiddel som er viktige for ein moderne undervisningspraksis.



Figur 11 - Illustrasjon

Spesialpedagogisk tilbod og tilrettelegging: Det blir nemnt at skulane må ta eit større ansvar for kartlegging av spesialpedagogiske behov og at det er ei utfordring med aukande kompleksitet i oppgåver som krev meir definerte læraroppgåver.

Fokus på utviklingsområde: Det er viktig at skulane kan fokusere på sine utfordringar utan å vere overbelasta med for mange utviklingsområde på same tid.

Overgangar og relasjonsbygging: Overgangane mellom ulike trinn og skular blir nemnt som potensielle forbetringar for å sikre ein meir samanhengande utdanningsløp.

Språkopplæring: Det er eit behov for forbetring i språkopplæringa, både når det gjeld kompetanse, materiell og organisering.

Ungdomsrådet om kvalitetsomgrepet

Ungdomsrådet vart utfordra på å seie noko om korleis dei vurderer kva som er god kvalitet i Sunnfjordskulen og korleis ein skal møte framtidig omstilling. Rådet peika på at eit godt sosialt miljø med mange aktivitetstilbod og samvær med venner er nøkkelen til trivsel.

Fagleg suksess blir tilskrive engasjerte lærarar med høg utdanning og evna til å tilpasse læringa til elevane sine behov. For å handtere ressursutfordringar, foreslår nokre elevar å slå saman skular og fokusere på kvalitet framfor kvantitet. Innspela til framtidig utvikling varierer frå å førebygge hjelpebehov blant eldre til å oppretthalde høgkvalitets undervisning og inkludere elevar i beslutningsprosessar.

Det er ei gjennomgåande forståing av at tilpassa undervisning, godt miljø, og involvering i skuleutvikling er sentralt for å oppretthalde og forbetre skulekvaliteten.

2.5.2 Kvalitetsindikatorar

Kommunebarometeret

Kommunebarometeret vert publisert kvart år av fagbladet Kommunal Rapport. Landet sine kommunar vert rangert etter 155 nøkkeltal innafor 12 sektorar. Rapporten bygger på tal frå SSB sin kostradatabase, UDIR, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norsk kulturindeks frå Telemarksforskning.

Total er Sunnfjord kommune plassert på 108. plass på kommunebarometeret, 10. plass av kommunane i Vestland fylke.

Plasseringa i kommunebarometeret seier berre noko om korleis vi gjer det i forhold til dei andre kommunane, og bør ikkje nyttast som ein kvalitetsindikator aleine.



Med utgangspunkt i 19 nøkkeltal i sektoren *Grunnskule* landar kommunen på 42. plass.

Tabell 6 - Kommunebarometeret 2023

	2018	2019	2020	2021	2022
Snitt grunnskulepoeng, siste fire år			30	36	46
Snitt grunnskulepoeng (10. trinn) siste år			94	61	63
Del elevar som har fullført og bestått vidaregåande innan fem år			45	93	57
Del elevar på lågaste meistringsnivå, 5. trinn, snitt siste fire år			14	40	26
Del elevar på lågaste meistringsnivå, 8. trinn, snitt siste fire år			28	35	33
Del elevar på lågaste meistringsnivå, 9. trinn, snitt siste fire år			38	32	16
Del lærarar med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn			225	168	296
Del lærarar med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 8.-10. trinn			175	280	184
Del lærarar som oppfyller krava til undervisning, 1.-7. trinn			236	266	213
Del lærarar som oppfyller krava til undervisning, 8.-10. trinn			254	245	194
Trivsel, 7. trinn, snitt siste fem år	37	25	27	34	58
Trivsel, 10. trinn, snitt siste fem år	33	34	20	14	26
Fysisk aktivitet, 5.-7. trinn			184	136	102
Del elevar med spesialundervisning 1.-4. trinn, snitt siste fire år			150	159	134
Del elevar med spesialundervisning 5.-7. trinn, snitt siste fire år			188	177	148
Del elevar med spesialundervisning 8.-10. trinn, snitt siste fire år			149	150	99
Del elevar som får leksehjelp, 1.-4. trinn			203	150	117
Del elevar som får leksehjelp, 5.-7. trinn			208	213	118
Del elevar som får leksehjelp, 8.-10. trinn			203	204	209

Ut i frå tabellen kan vi sjå at vi i forhold til resten av landet

- har gode faglege resultat
 - Grunnskulepoeng landsnitt: 43,3
 - Grunnskulepoeng Sunnfjord kommune: 44,03
- høg del elevar som fullfører vidaregåande opplæring
 - 86,48%
- få elevar på lågast meistringsnivå på nasjonale prøvar
- høg trivsel blant elevane

- lågare del lærarar med kompetanse etter krava
- er nær landssnittet når det gjeld elevar med spesialundervisning, med nedgang frå 2021 til 2022.

Slik er rangeringa vår for 2023, samanlikna med Kinn, Sogndal, Steinkjer og Voss.

Tabell 7 - Kommunebarometeret 2023 samanlikna med andre kommunar

Rangering 2023	Sunnfjord	Kinn	Sogndal	Steinkjer	Voss
Snitt grunnskulepoeng, siste fire år	46	251	132	330	317
Snitt grunnskulepoeng (10. trinn) siste år	63	240	163	296	287
Del elevar som har fullført og bestått vidaregåande innan fem år	57	216	20	170	198
Del elevar på lågaste meistringsnivå, 5. trinn, snitt siste fire år	26	158	28	119	169
Del elevar på lågaste meistringsnivå, 8. trinn, snitt siste fire år	33	166	34	231	96
Del elevar på lågaste meistringsnivå, 9. trinn, snitt siste fire år	16	174	79	241	147
Del lærarar med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn	296	116	173	113	255
Del lærarar med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 8.-10. trinn	184	216	312	191	276
Del lærarar som oppfyller krava til undervisning, 1.-7. trinn	213	246	122	1	203
Del lærarar som oppfyller krava til undervisning, 8.-10. trinn	194	280	158	1	118
Trivsel, 7. trinn, snitt siste fem år	58	138	58	160	160
Trivsel, 10. trinn, snitt siste fem år	26	158	44	158	275
Fysisk aktivitet, 5.-7. trinn	102	111	207	136	187
Del elevar med spesialundervisning 1.-4. trinn, snitt siste fire år	134	171	294	201	201
Del elevar med spesialundervisning 5.-7. trinn, snitt siste fire år	148	236	282	212	204
Del elevar med spesialundervisning 8.-10. trinn, snitt siste fire år	99	237	208	141	158
Del elevar som får leksehjelp, 1.-4. trinn	117	170	263	1	107
Del elevar som får leksehjelp, 5.-7. trinn	118	56	148	77	318
Del elevar som får leksehjelp, 8.-10. trinn	209	200	112	209	146

Folkehelseprofilen og oppvekstprofil (FHI)

Folkehelseprofilen er utgitt av Folkehelseinstituttet og basert på data frå KommuneHelse statistikkbank. Profilen er eit bidrag til kommunen i arbeidet med å få oversikt over faktorar som påverkar helsetilstanden til befolkninga.

Folkehelseprofilen for Sunnfjord kommune 2024 gir innsikt i ulike aspekt ved helse og levekår med eit særleg fokus på eldre, men inneheld òg relevant informasjon om barn og unge:


- **Levekår:** Delen som bur i hushald med vedvarande låg inntekt er lågare enn på landsnivået. Dette kan ha positiv innverknad på barn og unges oppvekstvilkår.
- **Tryggleik:** Ein høgare del av ungdomsskuleelevar opplever det som trygt å ferdast i nærområdet på kveldstid samanlikna med landsnivået. Dette peikar på eit trygt og godt miljø for barn og unge i Sunnfjord kommune.
- **Fysisk aktivitet:** Delen 17-åringar som rapporterer om å trene sjeldnare enn éin gong i veka er lågare enn landsnivået, noko som indikerer ein generelt høgare grad av fysisk aktivitet blant ungdommen.
- **Utdanningsnivå:** Det er ikkje signifikante forskjellar frå landsnivået når det gjeld forventa levealder mellom dei med ulike utdanningsnivå. Dette kan indikere at sosiale helseforskjellar relatert til utdanning ikkje er meir utprega i Sunnfjord kommune enn elles i landet.
- **Sosial deltaking:** Ungdata-undersøkinga viser at ein stor del av ungdomsskuleelevane føler seg trygge og er aktive i fritidsorganisasjonar. Dette er positivt for sosial inkludering og mental helse blant barn og unge.



Figur 12 - Illustrasjon

Samanfatta viser folkehelseprofilen for Sunnfjord kommune 2024 at barn og unge i kommunen lever under gode oppvekstvilkår med lav risiko for vedvarande låg inntekt i hushalda, høg grad av tryggleik i nærmiljøet, og ein generelt aktiv livsstil. Vidare arbeid for å støtte opp om desse positive trendane vil vere viktig for å sikre gode levekår og helse for alle aldersgrupper i Sunnfjord kommune.

Delen elevar som fullfører vidaregåande opplæring er ein sentral kvalitetsindikator. Rapporten *Frafall fra vidaregåande opplæring og arbeidsmarkedstilknytning for unge voksne*¹⁸ stadfestar at sannsynet for å vere arbeidsledig, uføretrygda, fengsla eller ta i mot sosialhjelp er større for dei som ikkje har fullført. Låge karakterar er den viktigaste enkeltforklaringa på at elevar ikkje fullfører vidaregåande opplæring i følgje UDIR¹⁹.



Figur 13 - Samanstilling av tal frå Folkehelseprofilen frå 2020-2024

Skulebidragsindikator

Fleire studiar frå ulike land og tidsperiodar har vist at familiebakgrunnen til elevar, slik som foreldra si utdanning, spelar ei rolle for kor godt elevane presterer på skulen²⁰.

Det er ulikskapar i elevgrunlaget mellom skular i Noreg. Nokre skular har til dømes mange elevar med foreldre som er høgt utdanna, medan andre skular har mange elevar med foreldre som er lågt utdanna eller mange elevar med innvandrarbakgrunn. Dette påverkar skulane sine resultat. Skular med ein høg del elevar med høgt utdanna foreldre har gjennomsnittleg betre resultat enn skular med ein låg del slike elevar.

Skulane vel ikkje elevane sine sjølv. Samanlikning av skulane sine resultat på nasjonale prøvar eller eksamen gir informasjon om elevane si kompetanse på områda som prøvane måler, men ikkje om kor mykje den enkelte skulen har bidrege til resultatata. Sjølv om ein skule har svake resultat, treng det ikkje å bety at skulen har bidrege lite til elevane si læring.


¹⁸ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/frafall-fra-videregaende-opplaring-og-ar/id589824/>

¹⁹ <https://www.udir.no/tall-og-forskning/publikasjoner/utdanningsspeilet/utdanningsspeilet-2022/videregaende-opplaring/gjennomforing-av-videregaende-opplaring/>


²⁰ <https://www.ssb.no/utdanning/sporsmal-og-svar-om-skulebidragsindikator>

Ein skulebidragsindikator kan tolkast som det resultatet ein skule ville ha fått, dersom elevgrunnlaget deira var gjennomsnittleg (med tanke på dei elevkjenneteikna som er inkluderte i berekninga). Skulebidrag kan difor brukast til å samanlikne skular med ulik elevsamansetning.

For Sunnfjord kommune ser skulebidraget slik ut:



Graf 26 - Skulebidrag siste fire år for 1.-4. steg. (UDIR)



Graf 27 - Skulebidrag siste fire år for 1.-4. steg. (UDIR)

For elevane finnes det ikkje tidlegare resultat enn nasjonale prøver på 5. trinn. For indikatoren for 1.-4. trinn det derfor berre kontrollert for familiebakgrunn. Den gir derfor ikkje eit så presist estimat på skulen sitt bidrag samanlikna med dei andre stega.

Vi ser av resultatet at vi på barnestega har ei positiv utvikling i kommunen knytt til skulebidrag. Våre elevar skårar fagleg betre enn landsnittet, justert mot kva vi «forventar» at våre elevar skal skåre ut i frå sin sosioøkonomiske bakgrunn.


Skulebidrag for ungdomsskulane er basert på eksamensresultat. På grunn av avlyst eksamen skuleåra 18/19, 19/20 og 20/21, er det ikkje mogleg å få fram data på ungdomssteget.

2.5.2 Læringsresultat

Eksamensresultat/grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng blir rekna ut ved at alle avsluttande karakterar som blir førte på vitnemålet, blir lagt saman og delt på talet på karakterar slik at ein får eit gjennomsnitt. Deretter blir gjennomsnittet gonga med 10. Elevar som har færre enn halvparten gyldige karakterar er ikkje med i utrekningane (Forskrift til opplæringslova § 6-22).

Tala er rekna ut som eit gjennomsnitt av grunnskulepoenga for alle ordinære elevar som får opplæring etter dei ordinære læreplanane i Kunnskapsløftet ved ein skule. Dette tyder til dømes at elevar som følgjer undervisning spesielt tilpassa for vaksne ikkje er inkluderte i tala. Det er heller ikkje elevar som har individuell opplæringsplan i faget og ikkje skal ha karakter.



Graf 28 - Utvikling i grunnskulepoeng (UDIR)

Nasjonale prøvar


Sunnfjord kommune ligg over landssnittet i alle nasjonale prøvar²¹ på 5., 8. og 9. trinn når vi ser på skalapoeng aleine. Unntaket er engelsk i 5. klasse der vi ligg likt med landssnittet. Resultata er frå skuleåret 22/23. Det er rekning i både 8. og 9. klasse som har det sterkaste resultatet. Sjå Vedlegg 20 for fleire detaljar.

2.5.3 Undervisningskvalitet

Elevundersøkelsen

Elevundersøkelsen er ei årleg undersøking der elevar frå grunnskulen og vidaregåande opplæring gir tilbakemelding om viktige aspekt ved læring og trivsel på skulen, som trivsel, mobbing, miljø, motivasjon, og støtte frå lærarar. Undersøkinga er obligatorisk for 7., 10. trinn og Vg1 om hausten, med valfritt deltaking for andre trinn. Svara er anonyme, og resultatata blir brukt i arbeidet med å forbetre skulemiljøet i tråd med opplæringslova²².


For Sunnfjord kommune, samanlikna med fylket og landet, ser resultatet slik ut i 2023:



Graf 29 - Resultat Elevundersøkelsen 2023 7.steg. (UDIR)

²¹ <https://analysebrettet.udir.no/nasjonale-proever-alle-proevetyper?Eierform=Alle%20eierformer&Trinn=9.%20%C3%A5rstrinn&Kj%C3%B8nn=Alle%20kj%C3%B8nn&FylkeFilter=&KommuneFilter=Sunnfjord&Tilganger=&Skole=&Skole%C3%A5r=2023-24>

²² <https://www.udir.no/tall-og-forskning/brukerundersokelser/elevundersokelsen/om-elevundersokelsen/>



Graf 30 - Resultat Elevundersøkelsen 2023 10.steg. (UDIR)

At motivasjonen til elevane er låg, sjølv om trivselen er høg, har vore ei problemstilling Sunnfjordskulen har jobba med over tid.


Små og store skular

Thomas Nordahl, professor og leiar av *Senter for praksisrettet utdanningsforskning (SePU)*, har på oppdrag frå Hamar kommune utarbeidd ein rapport om samanheng mellom skulestorleik, og eleven si læring og trivsel.


Hovudfunnet er at skulestorleik har lite å seie for elevar si læring og trivsel når det er kontrollert for andre bakgrunnsvariablar og pedagogiske faktorar. Likevel viser forskinga ein svak samanheng, som tyder på at opp til eit visst punkt kan auka skulestorleik ha ein positiv effekt på elevar sine akademiske prestasjonar, men at det deretter kan bli ein svak negativ effekt når skulane blir enda større. Ideell skulestorleik for barneskular ligg rundt 500-700 elevar, men forskjellane er marginale. Storleiken på skulen synest ikkje å ha signifikant effekt på trivsel eller omfanget av mobbing.

2.5.4 Skulemiljø

Elevundersøkinga kartlegg dei mest sentrale forholda ved elevane sitt læringsmiljø, slik dette er avklart i nyare forskning. Elevane svarar på spørsmål om korleis dei trivst på skulen, korleis forholdet er til lærarar og medelevar, korleis dei opplever vurdering for læring, med meir.




Graf 31 - Mobbing 10. steg - Elevundersøkelsen/KOSTRA




Graf 32 - Mobbing 7. steg - Elevundersøkelsen/KOSTRA

Grafane syner at vi, som alle andre, har tilfelle der elevar melder om at dei opplever mobbing. For at eleven sitt svar på Elevundersøkelsen skal gi utslag på totalskåren må eleven ha svart at han/ho opplever mobbing frå medelevar, tilsette, eller over nett av andre, «to eller tre gongar i månaden» eller meir.

Sjølv om vi har elevar som melder om mobbing, ser vi at det er ein relativt lågare del av elevane som rapporterer om mobbing sett opp i mot dei andre kommunane.



Graf 33 - Mobbing i skulen over tid for 7.steg (UDIR)



Graf 34 - Mobbing over tid for 10. steg (UDIR)

2.5.6 Kvalitetsutvikling i sektoren

Pedagogisk utviklingsarbeid i Sunnfjordskulen

I Sunnfjordskulen jobbar vi kontinuerleg med utviklingsarbeid på fleire nivå. Kommunalsjefen har følgjande satsingar som rektorkollegiet samarbeider om i sitt profesjonsfellesskap.

- Vurdering
- Pedagogisk leiing
- Motivasjon
- Begynnaropplæring

Ein viktig hypotese i arbeidet er at vi kan auke motivasjonen til elevane dersom vi greier å omstille vurderingspraksisen til å bli meir formativ og basert på elevinvolvering. Vi jobbar også med å styrke rektorane sin kompetanse i å drive pedagogisk leiing i ein arbeidskvardag prega av høgt tempo, komplekse problemstillingar og press.

Det er òg ei satsing på begynnaropplæring då vi har sett at skulane har ulik praksis på dette feltet. Vi ynskjer å forene skulane om ein felles praksis, som truleg vil auke kvaliteten på begynnaropplæringa, og i tillegg gjere det lettare å samarbeide på tvers av skulane.

Ny opplæringslov

Frå hausten 2024 er ny opplæringslov gjeldande²³. Den er ei vidareføring av eksisterande lovverk, men har fleire viktige justeringar. Ny lov vil mellom anna


- gi auka fleksibilitet i fag- og timefordeling, då kommunen kan bestemme at inntil 10 prosent av timane i eit fag kan flyttast til andre fag, eller nyttast til tverrfaglege aktivitetar.
- endre organiseringa av spesialundervisning. I ny lov er feltet spesialundervisning delt opp i *personleg assistanse*, *fysisk tilrettelegging* og *individuell tilrettelagt opplæring*, og det blir fastsett kompetansekrav til dei som skal utføre oppgåvene. Dette vil bli utfordrande med tanke på å få tak i rett kompetanse, samt gi eit høgare utgiftsnivå.
- gi presisering av kva mandat Statsforvaltaren har i klagesaker om skulemiljø.
- stille krav til fagleg, pedagogisk og administrativ forsvarleg leiing ved skulen, samt skulefagleg kompetanse hjå skuleeigar.
- stille krav til at kommunen har nok vikarar til å dekke *vanleg og forventet* fråvær.

Den nye lova vil krevje ei rekke endringar i rutinar og handlingsplanar ute i skulane, og vil vere i praksis vere eit omstillingsprosjekt som skulane må jobbe med over lengre tid.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis siktar mot varig styrking av kompetanse innan spesialpedagogikk i norske barnehagar, skular og PP-tenester. Tiltaket

²³ Visma Veilederen



inneber tilskot til kollektiv etterutdanning og utvikling av nettressursar og kompetansepakkar for å betre tilpassing og inkludering i skulen. Målet er å fremje eit godt tilpassa og inkluderande tilbod for alle elevane, og støtte dei til utvikling, meistring, læring og trivsel²⁴

2.5.7 Andre tenester i skulen

Det er ei rekke tenester som jobbar inn i skulen med oppfølging av elevar. Av dei kommunale tenestene er det spesielt helsestasjonen og PPT som har ei sentral rolle i oppfølging av elevar. Bemanningsutfordringar og fråvær i desse tenestene er særleg krevjande då det rammar elevar som treng ekstra oppfølging spesielt. Det er krevjande å setje inn vikarar, og det har synt seg å vere krevjande å bemanne enkelte viktige stillingar, til dømes logoped og helseskulepleiarar. Skulane har då i periodar stått utan tilbod.

Helsestasjonen

I utgangspunktet vert helsesjukepleiarressursen fordelt på skulane etter elevtal ut i frå kva samla ressurs som er tilgjengeleg. I periodar har nokre skular vore utan helsesjukepleiarressurs grunna sjukefråvær, og vanskar med å få tak i vikarar. I tillegg skal tilbod til nyfødde og små barn prioriterast først ved kapasitetsutfordringar, noko som Helsedirektoratet legg føringar for. Skuleåret 22/23 var det 7,35 årsverk med helsesjukepleiar fordelt på dei 14 skulane.

²⁴ <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokal-kompetanseutvikling/kompetanseloftet-for-spesialpedagogikk-og-inkluderende-praksis/>

Ressursen var fordelt slik:

Tabell 8 - Oversikt over fordeling av helsesjukepleiarressurs på skulane

Skule	Helsesjukepleiar % 22/23
Flatene	60
Førde barneskule	60
Førde ungdomsskule	60
Halbrend	100
Slåtten	100
Sunde	45
Holsen	10
Naustdal bu	90
Vevring	5
Sande	70
Bygstad	25
Viksdalen	15
Vassenden	70
Skei	30
Sum alle skular	<u>735</u>

Denne fordelinga ligg ikkje fast, og Helsestasjonen gjer kontinuerlege vurderingar på korleis dei disponerer sine ressursar for å kunne tilby eit forsvarleg tilbod.

PPT

PPT har eit skuleteam med PP-rådgivarar med til saman 5,30 årsverk. Innanfor denne ressursen skal dei tilsette arbeide etter PPT sitt todelte mandat, §5-6 i

Opplæringslova: *Tenesta skal hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.*

PPT skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det.

Kvar skule har ein tildelt kontaktperson frå PPT frå skuleteamet. PPT har faste dagar der dei er på skulane og deltek mellom anna i einingane sine interne ressursteam. I tillegg rettleiar vi lærarar i klasserommet, observerer, kartlegg og driv kompetanseheving til skulane. Årsverka i teamet vert fordelt ut i frå skulane sin storleik, men òg ut i frå behov. PPT er deltakande på

alle 14 skulane. Med ressursen fordelt på skulane som strekker seg frå Vevring til Viksdalen og Skei er det mykje tid som går med til reising.

Kvar tilsett i skuleteamet har ca. 3 skular kvar. Den som er kontaktperson på den enkelte skulen deltek fast i ressursteamet på skulen. Kommunen har eit tverrfagleg team og der deltek to faste tilsette frå skuleteamet. Det er ofte den som er kontaktperson på skulen frå PPT som «eig» dei sakene som vert tilvist frå skulen til PPT, men på grunn av ulike kompetansefelt arbeider PP-rådgivarane ut mot fleire skular enn dei er kontaktperson for.

1. august 2024 kjem ny opplæringslov som betyr endring i rutinar for skulane, og eit nytt mandat for PPT. Dette er eit omfattande endringsarbeid og vil krevje mykje av kapasiteten til PPT ute i den enkelte skule. Ordlyden i nytt lovverk er som følger²⁵:

Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal samarbeide med og støtte skolane i det førebyggjande arbeidet for å gi eit inkluderande opplæringstilbod til elevar som kan ha behov for tilrettelegging av opplæringa. Tenesta skal

a. *støtte og rettleie skolane i å greie ut behov for tilrettelegging av opplæringa og i å setje inn tiltak så tidleg som mogleg når det trengst*

b. *hjelp til med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling slik at opplæringstilbodet blir så inkluderande og godt tilrettelagt som mogleg*

Der lova eller forskrift til lova krev sakkunnig vurdering, er det den pedagogisk-psykologiske tenesta som skal utarbeide vurderinga. (opplæringslova §11-13 andre ledd).

Tilsette og foreldre si oppleving av støttetjenestene i kommunen

Eit gjennomgåande ynskje er meir tilgjenge til helsesjukepleiarar; mange skular uttrykkjer at behovet er der og at det ville vore nyttig med ekstra tid, sidan utfordringar kan oppstå kva dag som helst. Besøksdagar frå PPT er godt mottatt, og det faste tilbodet frå helsesjukepleiaren blir verdsett som eit lågterskeltilbod.

Ventetida og kapasiteten hos PPT og andre støttetjenester blir likevel sett på som ei utfordring, spesielt der det er lange ventetider, og manglande akutte tilbod for yngre elevar med psykiske vanskar. Det blir rapportert om varierende erfaringar med PPT, og nokre meiner at systemet kan vere byråkratisk og lite effektivt, noko som gjer tilrettelegginga for elevane vanskeleg. Eit ønske om meir praktisk involvering frå PPT i klasseromma, for tips og rådgjeving direkte, er også uttrykt frå tilsette.

Kommunikasjonen og samarbeid mellom lærarar, helsesjukepleiar og PPT er understreka som viktig, men det er behov for meir stabilitet og forbetra informasjonsflyt. Sårbarheita i systemet blir også påpeika; når helsesjukepleiarar er fråverande og ingen vikarar blir sett inn, merkast dette negativt. Det blir også etterlyst raskare respons frå PPT og BUP når det kjem til utgreiingar, og betre tilrettelegging for spesialiserte tenester som logopedi.

²⁵ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2023-06-09-30?q=oppl%C3%A6ringslov>

Samla sett peikar tilbakemeldingane mot eit behov for sterkare og meir konsistent støtte for å handtere dei aukande behova hos elevar, og at det er essensielt å forbetre den eksisterande kapasiteten og responstida til støttetjenestene for å sikre at elevane får nødvendig hjelp og oppfølging.

2.6 Bemanning og rekruttering

2.6.1 Kven jobbar i Sunnfjordskulen i dag?

Tala som følger er henta frå GSI for skuleåret 23/24:

Tabell 9 - Oversikt over stillingar i skulen (GSI)

Årsverk personale med administrative og pedagogiske leiaroppgåver	21,4			
	1. - 4.	5. - 7.	8. – 10.	1. -10.
Berekna årsverk til undervisning	101	83	107	291
Årsverk til spesialundervisning	17	16	17	50
Årsverk til ordinær undervisning	85	67	90	242
Tal lærarar	113	88	155	356
Tal kontaktlærarar	59	51	71	181
Årsverk utført av assistentar og anna elevretta arbeid som ikkje er utført av undervinsningspersonale	39			
	1. - 7.		8. – 10.	
Tal lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava	13		7	

Per 31.12.2023 var det 28 årsverk lærar utan godkjent utdanning i Sunnfjordskulen. Avviket mellom dette talet og GSI rapportering kan ha samband med feilrapportering i GSI.

Ei sentral problemstilling er å få på plass rett fagkompetanse på mindre skular, og spesielt skular med ungdomssteg. Ein tilsett i undervisningsstilling på ungdomssteget skal i tillegg til å ha godkjent lærarutdanning, ha minst 60 studiepoeng i norsk, engelsk og matematikk, og 30 studiepoeng i dei andre faga. Nyutdanna lærarar med master har ei smalare fagsamansetning enn kva den «gamle» allmennlæraren hadde. Dette i sum gjer det krevjande å få tak i lærarar med rett kompetanse (60 sp) og nok breidde, slik at ein får løyst

faga innafor stillingsheimelen som er tilgjengeleg på skulen. Eit botemiddel for dette er å tilby vidareutdanning for lærarar.

2.6.2 Vidareutdanning for lærarar

Kompetanse for kvalitet

Kompetanse for kvalitet (KFK) er ei statleg satsing for vidareutdanning, og gir ei ordning for lærarar tilsett i offentlege og private skular der dei kan søke til Utdanningsdirektoratet (UDIR) om støtte til å ta vidareutdanning. Lærarane kan velje mellom stipend- eller vikarordning. Stipendordninga betyr at lærarar får opp i mot 126 000 kr som dei sjølv nyttar for å kompensere behov for u-lønna permisjon til å studere. Vikarordninga er eit fast frikjøp på 37,5% av ei full stilling. Lærarane kan søke på ei rekke studie i UDIR sin studiekatalog. Deretter er det nasjonale prioriteringar sett av Kunnskapsdepartementet og lokalt kompetansebehov som er styrande for om læraren får tilbod om plass eller ikkje.

Tabell 10 - Tal lærarar med tilbod

Lærarar som tar vidareutdanning gjennom KFK	
20/21	24
21/22	34
22/23	37
23/24	44

KFK er ei viktig ordning som er med på å legge til rette for at fleire lærarar i kommunen har godkjent utdanning etter kompetansekrava. Denne ordninga er også nødvendig for å bygge kompetanse innan nye område. Til dømes kan ein ha godkjent kompetanse til å undervise matematikk, men ingen kompetanse på programmering, som er ein del av faget. At lærarane har moglegheit til å utvide kompetansen sin på slike felt er kritisk for den profesjonsfaglege utviklinga i sektoren.

Vi ser også ei auke i lærarar som får ta vidareutdanning i spesialpedagogikk, noko som harmonerer godt med satsing på tidleg innsats og inkluderande praksis. Skuleåret 23/24 er det 14 tilsette som tar vidareutdanning i spesialpedagogikk.

LærariVest

LærariVest er eit pilotprosjekt som Sunnfjord kommune gjennomfører saman med Høgskulen på Vestlandet (HVL). Prosjektet er henta frå ein modell som Nord universitet²⁶ utvikla saman med sine nedslagskommunar.

Prosjektet går ut på å lage ein møteplass for tilsette i skule og barnehage, der dei som ynskjer å utvikle kompetansen sin kan få skreddarsydd rettleiing og informasjon. HVL informerer om deira tilbod, og kva tilpassingar som er mogleg å få til, slik at ein kan studere ved sida av jobb. Kommunen informerer om kva arbeidsmoglegheiter det er i kommunen, og kva ordningar som er mogleg å nytte seg av under utdanning, og som nyutdanna.

²⁶ <https://www.nord.no/om/fakulteter-og-sentre/fakultet-for-laererutdanning-og-kunst-og-kulturfag/laererinord>

Målet med prosjektet er å rekruttere fleire lærarar for å sikre kommunen kvalifisert arbeidskraft.

2.6.3 Rekruttering

HVL sine opptakstal for grunnskulelærerutdanningane (GLU) syner at det totalt er 361 studentar, på alle tre campus, som fekk opptak i 2023-kullet. I Sogndal var det 13 studentar på GLU 1-7 og 23 på GLU 5-10 . Dette er dramatiske tal, og stadfestar ein trend som har vedvart over fleire år²⁷. Det er grunn til å vere uroleg for denne utviklinga, som vi truleg ikkje vil sjå den fulle effekten av før om nokre år.

I Kunnskapsdepartementets *Strategi for rekruttering til lærarutdanningane og læraryrket 2024-2030* kan vi lese følgjande:

Mange lærere trives og blir i yrket. Samtidig er det utfordringer i samfunnet og utdanningssektoren som påvirker læreres arbeidshverdag. De siste årene har stadig færre søkt seg til lærerutdanningene, og lærerkompetansen er ujevnt fordelt i landet. I dag er det store regionale forskjeller på rekrutteringsutfordringene i barnehage og skole. Det er utfordrende i de nordligste fylkene og i mange distriktskommuner. (...) Om ikke flere utdanner seg til å bli lærere, vil utfordringene merkes over hele landet.

Tabell 11 - Oversikt over tal søkarar til lærarjobb over tid

År	Utlyste stillingar		Søkarar		
	Fast	Vikariat	Totalt	Av dei utan godkjenning	Av dei med kompetanse på 1.-7.trinn
20/21	10,5	40,5	105	32	25
20/22	14,8	48,6	101	26	23
22/23	14	35,8	103	28	14
23/24	21	36,5	107	38	13
24/25	17	32	86	25	18

Kompetansebehov

- Barneskulane har eit stort behov for lærarar med begynnarpplæring og grunnskuleutdanning innan 1.-7.trinn.
- På ungdomsskulen er behovet for lærarar innan norsk og engelsk størst. Dei treng og språklærarar innan tysk og spansk.
- Dei fleste skulane treng fleire med spesialpedagogikk og andrespråkspedagogikk. I tillegg har vi utfordringar med å få inn lærarar med praktisk estetiske fag, som kunst og handverk og musikk.
- Mange av dei vi tilset i skulen har smal fagkompetanse og må vidareutdanne seg for å vere kvalifisert til å undervise i skulen. Vi ser at mange av dei treng vidareutdanning

²⁷ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/strategi-for-larerrekruttering/id3025152/>

for å fylle fagkrava i opplæringslova med forskrifter. Dette gjeld spesielt for dei faga som er nemnt her.

- 55 av 350 tilsette lærarar med godkjent utdanning er 55 år eller meir. Utsifting av nær 15 % av dei tilsette det neste tiåret.
 - 10 av 28 rektorar og assisterande rektorar er 55 år eller meir, som utgjør 37 %.
- Rekrutteringsutfordringane er ulike frå skule til skule. Dei skulane som har lettast tilgang til søkarar er FUSK, Slåtten og Skei. Skei skule har i tillegg tilgang på søkarar frå Gloppen og Sogndal.
 - Dei som har hatt vanskar med å få tilgang på kvalifiserte søkarar er Naustdal, Holsen, Bygstad, Sande og Vassenden skular.
 - Vi har generelt for få søkarar til stillingane som er lyst ut. Vi har i tillegg store utfordringar med å fylle lærarstillingar som blir ledige i løpet av skuleåret med kvalifiserte tilsette.

2.7 Skulen i nærmiljøet

2.7.1 Kringsgrenser og nærskuleprinsippet

Kringsgrensene vert regulert i Forskrift om skulekringsgrenser for Sunnfjord kommune²⁸. Forskrifta bygger på vedtak om plan for framtidig bruk av skulane, vedteke i kommunestyret KST-002/21. Forskrifta skal gi oversikt over dei ulike skulane med tilhøyrande inntaksområde. I tillegg til oversikt over kringsgrenser regulerer forskrifta ansvarsområde og sakshandsaming ved avvik frå nærskuleprinsippet.

Grunnskuleelevar har *rett* til å gå på «den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til». Dette følger av opplæringslova § 8-1 første ledd første setning. Dette kallast for eleven sin nærskule. Sjølv om lovteksten bruker ordet «eller», er den skulen som «ligg nærast» og den skulen som ein elev «soknar til» ein og same skule.

Retten til å gå på nærskulen er ein rett som er bygd på at det beste for barnet og barnet si utvikling er å få gå på nærskulen sin. Barn skal få gå på skule med andre barn frå nærmiljøet og få føle tilhøyrse der. I mange tilfelle vil nærskulen òg sikre ein tryggare skuleveg for barna²⁹.

28


https://innsyn.onacos.no/sunnfjord/mote/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2021001843&

https://innsyn.onacos.no/sunnfjord/mote/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2021001843&

²⁹ https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/barnehage-og-opplaring/grunnskule-og-vidaregaande-opplaring/retten-til-a-ga-pa-narskulen-og-soknad-om-skulebyte/?utm_source=nyhetsbrev&utm_medium=epost

UDIR skriv at Opplæringslova § 8-1 første ledd andre punkt gir kommunen heimel til å fastsetje forskrifter; "om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til." Denne forskriftsheimelen er først og fremst gjeven for å sikre føreseielegheit for innbyggjarane i kommunen, samt styre den kommunale saksbehandlinga og sikre likebehandling. Forskrifta vil òg vere sentral ved klagebehandling, der kommunen får høve til å synleggjere for Statsforvaltaren korleis nærskoleprinsippet er ivareteke.

Forskrift om skolekretsgrenser skal vere ein funksjon av korleis nærskoleprinsippet skal ivaretakast for den einskilde eleven i kommunen. Forskrifta må vere utforma i samsvar med dei omsyna som er lovlege etter ei tolking av lov og forarbeid. Det kan ikkje leggjast vekt på omsyn som vil vere i strid med nærskoleprinsippet eller opplæringslovas formål; til dømes "lik belasting" på kommunen sine skolar, oppretthald av skolar med svakt elevgrunnlag, spreining av fagleg sterke og svake elevar, samling av minoritetslevar og spesialundervisningselevar osv. Ei forskrift vil difor vere klarast der den legg vekt på objektive forhold som geografi og topografi. Forskrifta må likevel òg opne for å leggje vekt på subjektive forhold, der spørsmål om nærskoleprinsippet må avgjerast i den konkrete saka³⁰.



Kommunen kan avgjere kva som er nærskulen i ei forskrift. Kapasitet på skulen kan berre få betydning for skolekretsen når det kan dokumenterast at ein skole er full.

2.7.2 Skulen som samlingsstad

Gjennom dialog med tilsette og foreldregruppene kjem det tydeleg fram av skulen har ei heilt sentral rolle i nærmiljøet.

Skulen er ikkje berre ein stad for læring, men også eit viktig sosialt samlingspunkt. Skulen blir sett på som ein bidragsytar for samhald og aktivitet i lokalsamfunnet. Det blir hevda at skulen fungerer som *limet i bygda*, med elevar som bidreg aktivt i ulike lokale arrangement. Skulen sine fasilitetar, som gymsalar, hallar og kjøkken m.m., er avgjerande for aktiviteten i idrettslag og for andre aktørar, noko som understrekar skulen si rolle som eit samlingspunkt.

Skulen legg til rette for møte på tvers av generasjonar og bidreg til å styrke samhaldet og tryggleiken i lokalsamfunnet. Den vert nytta aktivt etter skuletida av både barn og vaksne, og styrkjer med dette tilhørsla til skulen. Dette syner seg i korleis elevane tar vare på skulen sin og korleis tidlegare elevar vender tilbake for arbeidspraksis og liknande.

For mange er skulen grunnen til at dei vel å busetje seg i eit område. Nærskulen er ei viktig teneste for familien og gir tryggleik for barna. Skulen sitt gode omdømme og høge status er også med på å tiltrekke unge vaksne til bygda, og kan bidra til vekst og utvikling. Dessutan er skulen ein viktig arbeidsplass og spelar ei nøkkelrolle i å oppretthalde og utvikle lokalsamfunnet.

³⁰ <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Narskole-og-skolekretsgrenser/Narskoleprinsippet-og-skolekretsgrenser/>

Skulane vert nytta til sosiale og kulturelle aktivitetar som 17. mai-feiringar, juletreffar og andre arrangement. Skulen involverer seg også i lokale utviklingsprosjekt og bidreg til eit rikt lokalsamfunnsliv.

Alt i alt, skulen er ein vital og integrert del av lokalsamfunnet, ikkje berre for dei pedagogiske tilboda, men også som ein katalysator for samhold og aktivitet blant innbyggjarane.

2.7.3 Skuleveg og skuleskyss

Sunnfjord kommune er langstrakt, og det er mange elevar som nyttar skuleskyss for å komme seg til skulen. Av totalt 2899 elevar har 979 elevar skuleskyss heile eller delar av året. Av elevane som har adresse innfor sin skulekrins er den lengste avstanden 4,2 mil. 52 elevar har reiseveg på over to mil.

Etter opplæringslova har elevar rett på skuleskyss dersom dei bur meir enn 2 km frå skulen. For førsteklasse er det 1 km som er grensa. Det er Fylkeskommunen ved Skyss som organiserer, og har ansvaret for, denne skyssen. Ut over det kan elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg få rett på skyss etter kommunalt vedtak.

Vestland fylkeskommune har følgjande tekst om reisetid:

«Opplæringslova § 7-1, Merknader frå Ot.prp. nr. 46 (1997-98) til § 7-1

Reise- og ventetid skal vere forsvarleg både med omsyn til den enkelte elev og ei rasjonell organisering av skyssen. I vurderinga blir gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sett i samanheng. I tillegg blir eleven sin alder vektlagt.

Kommentar

Det er ikkje sett maksimale reisetider for skoleskyss i lovverket og elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skoleskyssen.

Skyss skal etterstreve å organisere ei samla reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) ein veg innanfor følgjande rettleiande rammer:

- Omlag 45 min for 1.-4. årstrinn
- Omlag 60 min for 5.-7. årstrinn
- Omlag 75 min for 8.-10. årstrinn

I vurdering av forsvarleg reisetid blir det i tillegg til samla reisetid lagt vekt på følgjande moment:

- Kvar eleven må vente (på skolen, ute, i venterom)
- Kor stor del av reisetida som er på transportmiddel
- Rasjonell og samfunnsøkonomisk organisering av skyssen

Reisetidene nemnt ovanfor er rettleiande. Elevar med lang avstand mellom heim og skole må rekne med lengre samla reisetid. F.eks. ved samanslåing av skolar som fører til lengre reiseavstandar, når eleven ikkje går på sin nærskole eller ved «delt bustad» der ein av dei føresette flyttar ut av krinsen til nærskolen.

A

analyse og tilrådingar

3.1 Samla vurdering

Det reduserte elevtalet vil utfordre sektoren i stor grad, men vil ha både positive og negative effekt. Med overkapasitet i skulane, og små grupper, vil vi truleg kunne oppretthalde den gode kvaliteten. Både føresette og tilsette er oppteken av at færre elevar per lærar er avgjerande for god kvalitet. På den andre sida vil elevtalet gi store utfordringar knyt til innsparing og omstilling. Dei minste skulande vil òg kunne oppleve at klassar og fagmiljø blir for små til å halde oppe kvaliteten og eit godt fagleg og sosialt miljø.

Sunnfjord kommune leverer god kvalitet på tenestene sine, noko vil òg kan sjå i lys av dei nasjonale gjennomsnitta. Både nasjonale prøvar, grunnskulepoeng, gjennomføringsgrad i vidaregåande og skulebidragsindikatorane syner at det er høg kvalitet i Sunnfjordskulen. Å behalde denne kvaliteten blir ei krevjande balanseøving. Ved å halde fram som i dag utan strukturelle endringar vil vi måtte gjere kutt i drifta på alle skular, noko som betyr fleire elevar per. lærar, noko som kjem i tillegg til reduksjonen i drift som kjem som følgje av elevtalet. Foreldre, tilsette og rektorar ser ikkje føre seg at det er ei god løysing. På den andre sida vil strukturgrep kunne auke opp gruppestorleiken og effektivisere drifta. Men det utfordrar det som vert argumentert med som ein hovudgrunn til at vi har god kvalitet; små grupper.

Vi ser at bemanninga vi har i dag er god, har for det meste rett kompetanse. Vi opplever likevel ei negativ utvikling når det kjem til rekruttering, og ser med uro på utviklinga i søkartal på lærarutdanningane. Det er truleg avgjerande at Sunnfjordskulen har rammevilkår som gjer til at vi greier å halde på dei tilsette, og rekruttere nye lærarar. Effektivisering av drift, kostnadskutt og liknande kan påverke arbeidskvardagen til lærarar negativt. Vi må ha dette med oss i framtidig arbeid med skulesektoren, og vere i tett dialog med dei tilsette i prosessane som kjem.

3.2 Tiltak for kostnadsreduksjon

Plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune sine tiltak er ikkje nok til å møte behov for innsparing og omstilling. Heller ikkje ved hjelp av redusert elevtal, vil vi kunne ha ein økonomisk berekraftig skulesektor slik som utviklinga er, om ein ikkje gjer ytterlegare grep.

Vi står då att med tiltak som kan vere krevjande å gjennomføre. Strukturendringar utover dei tiltaka som ligg i Plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune vil krevje ytterlegare gransking av mellom anna konsekvensar for elevane, den pedagogiske kvaliteten og arbeidsforholda til den tilsette.

Det er også eit tiltak å ta ned ramma til Sunnfjordskulen. Det vil i praksis bety at vi må kutte i dei undervisningstimane, og andre ressursar, som ikkje er lovpålagt. Det vil først gå ut over dei elevane som har særlege behov, og tiltak skulane set i verk for å førebygge at elevar utviklar vanskar. Innspel frå rektorane er tydeleg på at dette grepet ikkje er å anbefale.

Vi får noko kostnadsreduksjon ved redusert elevtal. Vi har gjennomført ei teoretisk øving der vi ser på kva ein slik reduksjon vil utgjere reint økonomisk. Sjølv om utrekninga er usikker, ser vi at det er eit betydeleg potensiale i redusert elevtal aleine, men at det lang frå dekkjer omstilling- og innsparingsbehovet. Vi må sjå denne teoretiske innsparinga, og andre grep i samanheng når vi planlegg vidare omstilling.

3.3 Neste steg

3.3.1 Ny ressursfordelingsmodell

Vi har i dette prosjektet opplevd at det er krevjande å berekne framtidige driftsutgifter med ressursfordelingsmodellane som kommunen nyttar i dag. Modellane vi nyttar er laga for å handtere vekst i elevtal. Det gjer til at når vi no opplever reduksjon, vil modellen gi utslag som kan bidra til skeivfordeling mellom skulane, og ei ressursfordeling som ikkje er optimal med tanke på elevgrunnlaget. Vi ser at små endringar i elevgrunnlaget kan gi store økonomiske utslag avhengig av kor endringa skjer.

Eit viktig argument for å revidere ressursfordelingsmodellane er at dei ikkje gir oss det styringsverktøyet vi er avhengig av for å kunne sjå framover i tid, og planlegge drift inn mot omstilling og innsparing.

3.3.2 Involvering

Involveringsarbeidet i dette prosjektet har gitt kunnskapsgrunnlaget ein større verdi. Innsikt frå tilsette og foreldre har vore avgjerande for å få innsikt i forholda ved kvar enkelt skule. I det vidare arbeidet må vi halde fram med denne metodikken. Ved å involvere alle partar vil vi sikre forståing for eventuelle tiltak, vi vil bygge tillit og redusere risikoen for at tiltak har konsekvensar vi ikkje har kunnskap om. Det vil i det vidare arbeidet vere spesielt viktig å finne gode metodar for medverknad retta mot elevar på alle trinn.

3.2.3 Barnet sitt beste

Ved avgjerder som påverkar barn, skal kommunen gjera ei vurdering av barnet sitt beste.

Barn har rett til å bli høyrde i alle saker som handlar om dei. Å lytta til barn kan gi nødvendig kunnskap i prosessar samtidig som me sikrar barna deira rettar. Barn er heilt avhengige av vaksne for å få dekkja sine behov og utvikla seg på ein god måte. Dette gjer barn til ei heilt spesiell gruppe, og vaksne har eit særleg ansvar for å oppfylla rettane deira. Rettane i Barnekonvensjonen legg grunnlag for å sikra barn optimal utvikling. FN sin konvensjon om barnet sine rettar seier at

«Barn har rett til fritt å si sin mening i alle saker som angår dem. Voksne skal lytte til og ta barnets mening på alvor.»



og

«Når voksne bestemmer noe, skal de alltid tenke på hva som er best for barna. Myndighetene skal sørge for at barn blir beskyttet og passet på av foreldrene sine eller andre voksne når det er behov for det. Myndighetene skal sørge for at de som passer på barn gjør en god jobb.».

Stortinget tok i 2014 barn sine rettar inn i Grunnlova § 104:

«Ved handlinger og avgjørelser som berører barn, skal barnets beste vere eit grunnleggjande hensyn».

Frå august 2024 gjeld ny opplæringslov og § 10-1 Det beste for eleven seier at:

“Ved handlingar og avgjerder som vedkjem elevar, skal kva som er best for eleven, vere eit grunnleggjande omsyn.”

A vslutning

Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen gir ei grundig analyse av noverande og framtidige utfordringar og moglegheiter for skulane i Sunnfjord kommune. Ved bruk at medverknad og eit rikt talmateriale har vi forsøkt å forstå den demografiske utviklinga, økonomiske rammevilkår, og ikkje minst kvaliteten på det pedagogiske tilbodet. Vi har med dette laga eit solid grunnlag for vidare arbeid og naudsynte strategiske avgjerder.

Utviklinga krev at vi tar vanskelege val. Vi står overfor ein realitet der elevtala vil bli redusert, og vi må omstille oss til ein ny kvardag. Vi må ha fokus på å sikre høg kvalitet i skulen samtidig med ei økonomisk berekraftig utvikling for heile Sunnfjord kommune.

Framover må vi arbeide målretta med å setje i verk tiltak, basert på kunnskap som er framsett i dette dokumentet, i dialog med elevar, tilsette og foreldre, for å møte framtidige utfordringar på ein best mogleg måte.

Sunnfjordskulen er drivande god. Det må den halde fram med å vere.

4.1 Vedlegg

Vedlegg 1	Aktivitetar i prosjektgruppa
Vedlegg 2	Detaljert folketalsframskriving
Vedlegg 3	Skuleportrett Bygstad skule
Vedlegg 4	Skuleportrett Flatene skule
Vedlegg 5	Skuleportrett Førde barneskule
Vedlegg 6	Skuleportrett Førde ungdomsskule
Vedlegg 7	Skuleportrett Halbrend skule
Vedlegg 8	Skuleportrett Holsen skule og barnehage
Vedlegg 9	Skuleportrett Naustdal skule
Vedlegg 10	Skuleportrett Sande skule
Vedlegg 11	Skuleportrett Skei skule
Vedlegg 12	Skuleportrett Slåtten skule
Vedlegg 13	Skuleportrett Sunde skule
Vedlegg 14	Skuleportrett Vassenden skule
Vedlegg 15	Skuleportrett Vevring skule og barnehage
Vedlegg 16	Skuleportrett Viksdalen skule
Vedlegg 17	Elevtalsutvikling alle skular
Vedlegg 18	Utrekning av reduserte kostnadar grunna redusert elevtal
Vedlegg 19	Resultat nasjonale prøvar 2023